

Sigrun Okkenhaug

Helga

Forteljing for smaagjentar

bokselskap.no/OsloMet
i samarbeid med Nasjonalbiblioteket
Oslo 2022

bokselskap.no/OsloMet/Nasjonalbiblioteket, Oslo 2022

Sigrun Okkenhaug: *Helga*

Teksten følger 1. utgave, 1925 (Olaf Norlis Forlag/Oslo) og er basert på skannet og ocr-lest fil fra Nasjonalbiblioteket/nb.no.

Korrekturlest og tilrettelagt av OsloMet-studentene Nanna-Helen Sønvisen Nergård, Patrick Talatas og Mathias Sunde Valseth, våren 2022.

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Potifar

[5] Vika heitte romet, og det var sopass stort at dei fødde ku og gris og to sauer, og so nokre hønør og ein hane. Dei – det var Helga og Erik og Margot og mor deira, det. Eingong var far med òg, men han døydde daa Margot var urlita, so no var det berre desse fire att.

Dei hadde naust nedmed sjøen, og der laag færingsbaaten hans far og sjøreidskapen. Den var det elles ikkje mykje att av no, for aar om anna laut dei selja fraa baade garn og linor. Der hang vel att to bra sildgarn og ei line, der mest alle onglane var burte. Men mat laut dei hava, og naar det ingen var som brukte reidskapen lenger, so – –

Men no var Helga so stor at ho passa baade ku og gris og hønør, so no fór mor i gardane paa vask og baking; so tente ho til føda aat dei alle, om det ikkje vart nett so flust alltid. –

Hanen heitte Potifar, og det var Helga som hadde lagt namn paa han. Ein dag [6] med' han var berre kjuklingen enno, stod han og gapte og strekte hals og skulde gale. Og Helga stod og saag paa og gapte mest ho òg – av berre spaning. Men det tok slik tid før det vart til noko skikkeleg med' denne galinga, so Helga vart utolsam og sa:

«Eg synes mest han er lik'n Potifar, eg.»

Erik og Margot kjende ikkje stort til Potifar, kva kar det var; men dei òg tykte det var eit høvelegt namn aat hanen. Og so vart han heitande det. –

Potifar var vener med alle so nær som med Erik. Dei to hadde set skeivt aat kvarandre heile tida.

«Han er so svinagtig viktig,» sa Erik, «berre høyr paa 'n naar 'n gel.» Og so stelte han seg opp og hermde etter hanen: «Ky–ke–li–ky, ky–ke–li–ky, kan du sjaa eg er kry–y–y!» So flaksa han litt med armane og saag seg ikring som aatte han heile verda.

Men Potifar likte ikkje dette. Naar Erik tok til aa herma etter han, tok han til aa flaksa fraa plass til plass, fraa sagbukken til kassen frammed skjuldøra, fraa kassen til ratveddungen og derifraa burti stigen – – –, og Erik flaksa etter. Han strekte hals og gjorde seg til og gol so det song i veggjene. Tilslut laut Potifar gjerne gjeva seg.

Men det hende at han ikkje gav seg òg. Daa vart Erik utolsam og treiv til steinkasting. [7] Og det var ikkje heilt fritt for at han kunde den konsta. Mor hadde snakka aat honom – mangfoldige gongjer; men naar steinen laag so synbert freistande midt i vegen, so var han i neven og paa flog gjennom lufta, før Erik skikkeleg vann tenkja seg om. Det var moro aa sjaa kor langt han gjekk, maa vita.

Steinkastinga var ikkje Potifar nokon kar paa heller. Han luska gjerne unna daa. Men stundom saag han ut som han pønsa paa noko, naar han slik let Erik faa ha valplassen.

Og ein dag tykte han vel det gjekk for vidt baade med herming og kasting. Hanen stod paa sagbukken og gol det meste han vann og Erik kleiv oppaa kassen og gol han òg. Dei gol kvar sin gang. «Kykeliky,» sa Potifar og var baade arg og høgmaelt. «Eg ser at du er kry–y,» gol Erik og kom so høgt opp i tonane at mælet hans mest sprakk. Men han tykte det stod herlegt til, for bortpaa kjøkentrappa stod Helga og Margot og lo – og lo.

Men so visste han ikkje ordet av det, før Potifar flaug beint i augo paa han og hogg seg fast med føtene og hakka – og hakka –. Det vart slut med galinga, og ned av kassen kom han seg heller fort. Men Potifar fylgde – tunet rundt. Det saag reint stygt ut for Erik ei stund. Alt det han fikta med armane og rulla seg rundt og bar seg, so hjelte det ikkje det grann. Potifar var baade vill og [8] galen og no gav han seg ikkje. Tilslut fekk Erik tak i stylet hans og drog det vesle han vann – og skreik. Han illskreik. Og endeleg hadde Helga samla seg sopass, at ho kom settande med limen – –. Daa tok Potifar til vettes og rømde unna. Og det var nok paa høg tid som det saag ut for. Hanen var baade pjuskaat og ille medfaren; han var mest utan style og det var med nauda han fekk opp so mykje maal, at han fekk til aa skjella med same han fór. Og Erik! Han saag ut som hadde han vore i krig. Han hadde ei flenge nedover eine kinnnet og skraamaat var han over heile hovudet. Og blodaat. Margot gret omkapp med Erik, so redd var ho. Og Helga var bleik og still.

Ho sansa seg daa so mykje, at ho fekk vaska av guten og fekk han inn. Og daa endeleg fekk ho maal for seg att.

«Du kan berre vaage til aa herme etter han Potifar ein gong til du, so – – du skal faa sopass til juling at – – din – din hanekjukling du er!» – –

Liv

Helga hadde ei dokke som heitte Liv. Og den dokka var sværande fin. Ho hadde hardingbunad med kvit skjorte og perlesaum, og [9] ho stod i ei stor pappeske paa komoden inni stova. Berre i høgtidshelgene og ein hende gong elles fekk Helga taka ho fram og leika med ho. Men tidt og ofte stod ho frammed komoden og saag paa Liv. For noko so overlag fint! Og so kunde ho sova naar ein la ho ned.

So stod ho der og tenkte seg at Liv var ei verkeleg livande lita gjente som prata med Helga og gjerne vilde leika seg. Eller so var ho ei prinsesse som einkvar trollmannen hadde hekka paa, so ho ikkje kunde leda paa seg eller snakka. Og Helga stod og tenkte ut raader til aa løysa trolldomen. Ho fann paa undarlege ord som ho sa, og somtid leika ho at ordet løyste. Det var gjerne dei gongene ho fekk lov til aa taka Liv med seg og klæ henne av og paa og leika med henne, ho stod slik.

–

Abi male kara liva, kunde ho segja medan ho saag Liv stivt i augo; og daa visste ho ikkje ordet av det, før Liv var i armane hennar og dei dansa bortetter golvet mot den kraa–a som var Helga si – der ho hadde meste tølone sin. –

Mor vart redd daa ho saag Erik etter at han og Potifar var oppe og sloss, og ho var paa det ho skulde gaa stad faa han Hans Fjerdings til aa hogga hovudet av hanen med det same.

[10] Men daa bad Helga for Potifar. Erik kunde lata vera aa terga opp han, meinte ho – det var ikkje ventande anna enn at Potifar vart sinna. Det var ikkje sagt kor blid ein annan hadde vore heller om han hadde vorte slik medfare. Og endskapen paa det vart, at Potifar skulde faa liva, men Helga laut agta vel paa han, so han ikkje vart folkful. –

Erik sutra og bar seg. Vondt hadde han i hovudet, sveid gjorde det i saaret, ikkje var han mathuga og rangt var det alt i hop. Mor visste ikkje si arme raad. Dei hadde ein ruggestol som var mest berre til aa sjaa paa, so skral var han; men no sette ho seg i den likevel og tok Erik paa fanget og rugga og song: «Bysse bysse liten tull

imorgo faar vi stua full, kjøkenet og kammerset, haugen oppaa mørkloftet taa smaa guta, taa smaa veikja.»

Men ingen ting hjalp. Og so var han for stor til slik kjæling kan ein vita. Daa tok ho til aa fortelja eventyr: «Det var eingong ei kjerring,» sa ho, «som var so overlag glad i mat. So aat ho opp ei tunne graut og ei tunne melk og ei tunne sirup. Og daa veit du ho vart baade stor og diger. Men daa ho gjekk bortover vegen møtte ho ein bjønn.

«Goddag,» sa kjerringa. «Goddag,» sa bjønnen; «enn eg som ikkje kjende deg att,» sa han, «so stor og diger du har vorte.»

«Ja,» sa kjerringa, «eg har ete ei tunne [11] graut, ei tunne melk og ei tunne sirup – og no et eg deg òg,» sa ho. Og so aat ho opp bjønnen.

Leid um ei stund møtte ho ein verg. Og vergen aja seg og bar seg for kor stor og diger kjerringa hadde vorte.

«Ja, eg har ete ei tunne graut, ei tunne melk og ei tunne sirup og ein bjønn – og no tar eg deg òg,» sa ho. Og so aat ho opp vergen.

Daa ho hadde gaatt eit stykke til møtte ho ein rev.

«Goddagen,» sa kjerringa. «Gu signe,» sa reven; «eg skal seie du har kome deg,» sa han.

«Ja, eg har ete opp ei tunne graut, ei tunne melk, ei tunne sirup, ein bjønn og ein verg – og no et eg deg òg,» sa ho. Og so aat ho opp reven.

So møtte ho ein hare. «Goddag, vesle hare,» sa kjerringa og var so smørblid.

«Goddag,» sa haren og var mest skjelven i mælet – so svær ei kjerring hadde han ikkje set før. Og det sa han òg.

«Ja, no har eg ete ei tunne graut, ei tunne melk og ei tunne sirup, og ein bjørn, ein verg og ein rev – og no et eg deg òg,» sa kjerringa So aat ho haren.

Tilslut møtte ho ikornet. «Goddag,» sa kjerringa og var mest bøs. «Goddag,» sa ikornet, [12] det var ikkje skvettent det heller. «Du er ikkje lita du,» sa han.

«Nei, no har eg ete ei tunne graut, ei tunne melk og ei tunne sirup, ein bjørn, ein verg, ein rev og ein hare og no tar eg deg òg.»

«Du kan berre prøva,» meinte ikornet, og so la det iveg. Kjerringa etter. Ikornet hoppa opp gjennom ei stor telle, fraa grein til grein, – kjerringa etter. «Naar du som er so liten greier det, so maa vel eg som er so stor,» sa ho. Snart naadde ikornet toppen og kjerringa var ikkje langt etter ho hell. Ikornet bykste berre borti ei onnor telle, og det meinte kjerringa ho skulde gjera òg. Men daa vart ho for tung lel. Ho ramla ned berre so kvist og konglor rauk og fauk ikring henne. Og daa ho naadde jorda sprakk ho. Og der fór baade bjønnen, vergen, reven og haren, og grauten og melka og sirupen flaut etter. So var kjerringa berre lita att, og kunde ta til aa eta paa nytt lag.» – –

Slik fortalde mor. Og Erik sat still og lydde. Han lo naar han tenkte paa kjerringa, kor diger ho maatte bli. Og naar ikornet tok til aa hoppa, var han mest huga til aa hoppa med. Eventyr var no eventyr, lel!

Men mor hadde ikkje tid til aa fortelja eventyr i det endelause diverre. Ikkje var det mange ho minntes heller. So tok Erik til aa sutre att. Ingenting var rett. Alt vilde han [13] ha, og naar det bar til stykket, so vilde han ikkje ha det likevel.

So fekk han auga paa ho Liv. Ho stod paa komoden og brikte i den fine bunaden sin. Ho hadde baade perlor og sylvband og gullband paa stakken sin, og haar med raude sløyfor og spennesko.

«Eg vil sjaa paa dokka,» sette han i. Helga var inne nett og hørde kva han sa. Ho vart so med seg, at ho bleikna – og ho skunda seg aa segja nei. Det var det ikkje tale om heller.

Men Erik var tra. Han gret og han bar seg. Vondt hadde han og verre vart det. Tilslut visste ikkje mor si arme raad.

«Naar han berre sit roleg her i stolen og ser paa 'a,» sa ho til Helga, «du skyner, han kjem ingen veg no han er klein –.»

Jau, Helga skyna nok det men – – ho vilde ikkje han Erik skulde ha ho Liv. Um ikkje anna, so sulka han henne til. Og no var ho so fin.

Men Erik heldt paa sitt – ingenting anna i heile vide verda var det han ynskja seg. Han vilde berre faa halda i Liv. Og tilslut vart det inga onnor raad – han laut faa dokka.

Men Helga gjekk ikring og heldt anden for kvar gong Erik snudde paa Liv. Største moroa var aa faa henne til aa sova. [14] Han heldt henne opp i veret og saag dei blaa

smilande augo, han la henne ned paa fanget og ho sov so ho var ikkje til aa vekkja – før han retta henne oppatt.

«Sjaa no er Erik snild gut,» sa mor, «no maa du berre sitta roleg ei stund og tøle med dokka, du.»

Ho hadde ikkje tid til aa sitta inne lenger; det var so mykje aa sjaa til med, naar ho var heime ein dag eller to. Og Helga vart rolegare ho òg. Han kunde daa umogeleg finne paa aa gjera den fine dokka noko. So svinta ho seg ut og inn i dørene, skulde hjelpa mor litt og sjaa etter Erik guten samstundes. –

Ho var nett ute og vaska nokre kjerald, daa ho hørde ein undarleg laat innanfraa. Det *var* noko som gjekk sund! Helga kasta tugu og flaug inn. Og der – laag Liv med knustra hovud frammed ruggestolen.

«Din – din – din trollunge –.» Helga slog, so det song kring øyro hans Erik. Ho gret og slog, og Erik verga seg og skreik i villan sky. Han var like forfælt som Helga, men no vart han sinna òg. Han kom seg ned av ruggestolen og trampa paa Liv, retteleg nidtrampa. «Det er berre skrot,» sa han, og skreik og traakka, «berre skrot – berre skrot – –.»

Mor hørde levenet alt ute paa engjet, ho, [15] og no kom ho Margotⁿⁱ sendande, skulde sjaa kva som stod paa. Jau, der saag ut!

Erik traakka og skreik som ein galning. Helga hadde gjeve seg reint over og sat paa golvet og gret for berre livet – og nedmed ruggestolen laag Liv, eller det som eingong hadde vore Liv. No var det berre trasor og krusbrot og sagflis.

«Hu Helga slog meg,» skreik Erik, daa han fekk sjaa mor si. Mor svara ikkje. Ho saag berre fraa den eine til den andre – det saag ut som ho vilde til aa graate ho òg. So vende ho seg mot Erik:

«Kvifor slog Helga deg daa?»

Inkje svar.

«Kvifor slog Helga deg, Erik?» Mor var aalvorsam.

«Hu – hu kom – og so – og so slog a.»

«Men kvifor slog a?»

«Eg – eg veit ikj –.»

«Snakk sant gut! Kvifor slog Helga?»

Erik tagde først. So tok han til aa sutre – han hadde so vondt, han var klein, han – «hu–u–u–u.»ⁿ²

«Ja, du skal faa leggja deg – og liggja roleg òg, heile dagen,» sa mor, daa Erik vilde til aa kny. Og til sengs laut han so lite han vilde; – ingen var det som fortalde eventyr aat han heller no, so han fekk gode stunder [16] til aa samla tankane sine og minnas, kvifor Helga slog.

Men mor tok Helga i armane sine. Ho rugga henne att og fram som eit lite barn, og so kviskra ho:

«Du maa ikkje vera sint paa meg, Helga, fordi Erik fekk halda Liv –.» Og Helga tydde seg godt innaat mor og gret endaa meir – men sint var ho ikkje lenger.

Gravøl

Det var morgonen etter. Helga skulde inn i stova etter eit klæplagg til Margot. Daa vart ho staaande still nedmed døra ei heil stund. Stova hadde vorte onnorleis, ho var ikkje so ljøs lenger — eller det var noko som vanta.

Ho saag mot komoden og — det var sant! Liv var ikkje meir. Liv. Paa nytt kom taarone.

Aldri trudde Helga ho vart retteleg glad meir; ingen ting var som før, ikkje var ho like eins sjølv heller. Det var mest som verda hadde snudd paa seg og var myrkare. Det var inga moro aa liva. — — — — — — — —

[17] Det var Margot som fann paa det. Ho sat ute i solskinet og grov i sanden og laga hage og hus. Og sanden flaut so fin og varm millom fingrane hennar og laga seg til dei forunderlegaste ting. Helga gav hønene mat; ho fekk Potifar til aa eta or handa si og godsnakka med han og lova han fint style att naar han berre var tolsam og snild.

Og Erik sat med bind kring kjaken og skjegla mot Potifar, men vaaga ikkje til aa segja noko; so visste han ikkje rett kva han skulde taka seg til med.

Daa saag Margot opp:

«Enn um vi heldt gravøl for Liv?» undras ho. —

Jau, Erik var huga med ein gong. Han vilde vera prest, let han.

Hmm, — Margot var ikkje so reint uhuga paa aa vera prest ho hell.

«Du,» bles Erik svivyrdslegt, «du er berre ei gjente du.»

«Ja — men —.» Margot kom ikkje paa noko aa svara til det. Ho var berre gjente.

«Du kan binda kransar, du,» meinte Erik.

Ja, det var ikkje verst det heller, sanna Margot med. So kunde dei leggja Liv i pappeska og pynte henne; og so skulde dei syngje og halde skikkelegt gravøl, sjølv sagt. Erik og Margot la planer og prata att og fram. Helga sa ingen ting.

[18] «Vil ikkje du Helga?» undras Margot endeleg.

«Jau, vi kan gjerne det; — men eg skal vera prest. Du, Erik, høver betre til gravar du.»

«Jamen du — du er daa berre ei gjente du òg.»

Helga kasta med nakken. Plent som det skulde gjera noko! «Trur du ikkje eg kan vera like god prest for det du daa?»

«Ja — au.» Erik var ikkje retteleg viss, men — naar Helga vilde vera prest, so var ikkje det til aa koma utom og so maatte han gjeva seg. Det skyna han snart. Og so var det Helga si dokke. —

Dei grov grav borti haugen atmed ei fin bjørk. Erik grov og Helga og Margot pynta Liv med hvite klæde og blomar. Dei batt kransar av raukoll og kvitkoll og pynta ikring med blaaklokkor og prestekrage.

Margot bar kista aat grava, og der stod Helga so aalvorsam som ein retteleg prest. Nokon spade hadde ho ikkje, men neven gjorde same gagnet.¹³

«Av jord er du komen — til jord skal du bli — av jorda skal du staa opp att.»

Det let so aalvorsamt og høgtidelegt, so dei gløymde reint det var leik berre. Dei vart still alle tri.

Og so skulde presten halda talen. «Naar vi no samles her kring grava hennar Liv — —,» [19] bynte Helga i messetone og med djupe rukkor i panna; men so vart det ikkje meir med henne. Med eit kom ho ihug at det var Liv som laag der i jorda. Den vene straalande Liv — ho som hadde vore beste venen hennar hittil. Og no hadde ho ikkje nokor dokke lenger.

So gret Helga i staden for aa halde tale.

Og Erik stod der heit og raud. Han skjemdes og han trega — og so vilde han ikkje vera ved det hell.

«Du er ein tosk til prest,» sa han tilslutt.

«No syng vi,» meinte Margot — ho var redd det skulde beras til aa slaas att. Og ho laut vel vera klokkar ho, naar det ikkje var nokon annan til det.

«Blaamann, Blaamann bukken min —,» bynte ho.

Helga tykte ikkje den songen h vde rett men ho sa ikkje noko, for ho kom ikkje paa nokon likare heller. Og den kunde dei alle.

Daa dei kom til «Gamle Lykle moder di,» var Helga med og song like hugheilt ho som dei andre.

Og daa grava var forma til og pynta med blomar sa Erik: «Eg skal finna ein fin stein i fj ra, eg, ein skinande kvit ein — — so sett vi opp den som gravstein.»

Daa smilte Helga og tykte det gjekk an [20] aa liva lel — sj lv om Liv var d d og gravlagd. Og so var det no berre fine klaare godveret  g!

Tiriltunga

Dørabraua i Vika var ei undarleg ei. Det var berre ei stor flat steinhelle som var so gamall og som det var traakka paa so lenge at ho hadde rivna midt etter. Men i sprunga vaks det den finaste gullgule Tiriltunga. Tellitung, sa borna gjerne.

Desse blomane var noko med det venaste Helga visste. Fraa tidlegt om vaaren gjekk ho og kika og saag etter om dei ikkje snart vilde til aa skyta i veret. Og saag ho likt til at det vilde koma ukрут i laget med, so var ho ikkje sein med aa riva det vekk, skal eg tru. Denne tiriltung-sprunga var mest som blomehagen hennar Helga, det. Og aldri fekk nokon annan vaske dørabraua.

Det var ei framand kone der ein gong og hjelpte dei medan mor var borte. Ho skulde gjera vel aa vaske til mor kom heim, denna kona. Og ho vaska dørhella med, sjølvsagt; men daa bar det ikkje likare til, ho hadde [21] rive opp all den fine tiriltunga. Dørhella laag der so fin og nyskura mest so det blenkte i sola, men tiriltunga var borte og daa var det ingen stas med det meir hell. – Ho vaks oppatt næste vaar, men fraa den tid var det ingen annan enn Helga som fekk vaske dørhella. —

Det gjekk nokre dagar etter at Liv var gravlagd. Helga stulla i huset, medan mor var burte paa arbeid; ho melka kua òg. Og Erik og Margot sprang mest ikring og leika seg. Godveret vara ved og vilde liksom ingen ende taka. Og tiriltunga stod i si rikaste bløming og saug i seg sol og lyste og kasta glans over heile tunet, tykte Helga.

Ho sat paa dørhella ein dag og saag paa blomane sine og kjælte for dei. Ho tenkte paa om ho ikkje skulde plukka nokre og leggja paa grava hennar Liv. Daa kom det ei dame og ei lita gjente gaaande nedetter vegen. Og dama var heilt kvitklædd og gjekk med ein paraply som var kvit, endaa slikt solskin det var. Men gjenta! — ho hadde bunad plent som Liv sin med snøkvit skjorte og perlesaum. Og spennesko.

Helga gløymde blomane og vart sittande og stire. At eit vakse menneskje og ei livande lita gjente kunde gaa so fint klædd midt i vika. Ho tenkte paa den blaastripaate bomuldskjolen sin — han var bøtt og flikka paa, og der [22] fanns

plasser der det trongtes bot — men inga var. Og føtene var brunbarka av sol og vind. — —

Det maatte vera nokre av byggestene paa Ness desse to framande helst. Naar dei kunde gaa slik og brikja midt i vika. Helga sukka til litt daa ho tenkte det; ei ørlita stund hadde ho verkeleg tenkt seg, at det kunde vera Liv som kom imot henne. Liv som hadde vorte ei lita gjente paa eit eller anna vis.

Med same dei gjekk forbi reiste Helga seg og nigja. Ho tykte ho laut gjera det endaa ho ikkje kjende dei hell. Og so gjekk ho burtaat husnova og kika etter dei. Men set so leidt! Nett daa Helga stakk hovudet fram og skulde sjaa etter dei snudde den vesle gjenta seg og saag ho òg. Helga trekte hovudet aat seg so snøggt ho vann, men leid um lite laut ho kika att. Og daa gjekk den framande gjenta og saag seg attende ho òg. Helga vart staaande og sjaa likevel, men daa dama òg snudde seg, skunda ho seg attende til tiriltunga si. Men ho fekk seg ikkje til aa plukka dei slik som ho hadde tenkt, for no var det mest ikkje som Liv var borte lenger. Ho fekk ikkje til aa tenkja paa at ho laag nedi den vesle grava paa haugen lenger. —

Leid om ei stund kom desse to framande att. Helga sat enno paa dørhella, — ho vilde ikkje retteleg vera ved det, men det var [23] nok dei ho venta paa. Ho vilde so gjerne sjaa den vesle gjenta att. Ho sat og gøymde føtene sine under stakken so godt ho kunde; det var so leidt at ho skulde vera berføtt, naar denne andre hadde fine spennesko. Og ho hadde krulla haar som hang laust utover herdane, saag Helga — plent som paa ei dokke. — —

«Goddag, Vesla. Det var nokre fine blommar du har der.» Det var den fine dama som stana og snakka og Helga vart so med seg at ho gløymde reint føtene og synte dei fram so nakne dei var. Ikkje visste ho noko aa svara hell, for blomane var fine dei.

«Veit du, kva dei heiter?»

«Ja. Tellitung.»

«Tiriltunge ja. Enn du, hva heiter du?»

«Helga.»

«Helga du. Det var eit fint namn det. Denne gjenta heiter Aslaug, ho.»

«Aslaug? — Men heiter ho ikkje Liv daa?» Helga var modigare no, og det sat so henne at ho skulde heite Liv at ho kjende det mest som eit vonbrot at det ikkje var so.

«Liv? Kvifor det? Nei, ho heiter Aslaug.»

Dei vart staaande der ei lang stund og prate, og Helga svara og spurde om kvartanna og tykte mest ho kjende dei. Tilslut laut ho fortelja kvifor ho vilde at Aslaug skulde heite Liv. Og ho laut vera med dei [24] grava. Denne vesle Aslauga gav seg ikkje, ho, og ho var helst van med aa faa det som ho vilde, saag det ut for.

Helst vilde ho set Potifar og Erik og Margot òg. Men Erik og Margot laag i fjøra og bala nokon stad, og Potifar saag dei heller ikkje likt til. So maatte mor hennar lova henne at ho skulde faa gaa dit ein annan dag og sjaa dei. Daa endeleg gav ho seg til tols.

— Daa dei so gjekk bad den framande dama om ho maatte faa nokre av blomane hennar Helga. Det maatte ho sjølvsgt. Og Helga skunda seg og plukka ein bundel so stor, at aldri hadde ho teke so mange i ein gong før. Ho hadde vel helst snøydd dørhella reint, dersom dama ikkje hadde sagt stopp! Men so var det det, at sjølv om den vesle gjenta heitte Aslaug berre, so var det likevel mest som det var til Liv ho plukka blomane. Og daa so — —

Aslaug

Alt dagen etter kom Aslaug hoppande og dansande nedetter vegen. Og no var ho aaleine. Det var som Helga trudde, dei budde [25] paa Ness i somarferien baade ho og mor hennar.

«Du kan tru der er mange folk,» fortalde Aslaug, «det er berre so det kryr av dei alle stader; men dei er gamle mest alle, so det er so keidsamt at det aner du ikkje.»

Nei, Helga gjorde ikkje det hell — ho tagde mest av undring over alt det Aslaug sa og alt det ho visste og alt det ho vann over paa den stutte stunda. Og at det kunde vera keidsamt paa Ness, paa den store gilde garden, det fekk ingen henne til aa tru.

«Men at du verkeleg faar lov til aa gaa heime her og stelle reint aaleine med alt daa — mest som ein vaksen?» undras Aslaug, «du store tid so moro det maa vera.»

«Moro? Aaja.» Helga hadde aldri tenkt over det soleis. «Men det er no ikkje berre moro alltid heller,» meinte ho. Ho tykte ho laut segja sopass.

Dei stod der og prata desse to smaagjentone, utrygge og vare til aa bynne med, men med kvart tina dei opp og vart kjende. Dei gjekk ikring og saag seg om, og Aslaug undras paa kva Helga skulde gjera den dagen.

Ho skulde vaske stovegolvet og gangen var meininga; det var fredag og mor skulde bort imorgo òg — og daa vart ho aaleine om all helgevasken, so ho laut gjera ifraa seg noko idag.

[26] «Aagid, so moro! kan ikkje eg faa hjelpa deg daa? Eg er viss paa eg faar det til.»

Aslaug naudbad. Ho hadde aldri vaska golv før, men det kunde daa ikkje vera større konsta det, og ho hadde slik lyst. «Kjære lat meg faa lov,» bad ho.

Helga visste mest ikkje kva ho skulde gjera. «Du har so fin ein kjole paa,» sa ho og saag paa den kvite kjolen hennar.

«Pytt, denne fin! Nei, du skulde set den finaste kjolen min du, den er det mest berre blonder i, den. Nei, for kjolen sin deil gjer det no ikkje noko lel. Kom so

bynner vi daa.»

So tok dei til. Helga fann i bøttor og vaskefillor, varma vatn og budde til paa alle vis. So var det berre til aa vaske.

Aslaug vætte paa og turka og skura og stræva, so ho vart baade heit og sveitt. Helga dreiv seg ho òg, men mykje godt vart ho staaande og sjaa paa.

Slik vasking hadde ho i sine livedagar ikkje set. Det var trekvitt golv og dei skura med sand; men der Aslaug hadde vaska laag sanden i smaa dungar, og golvet vart sjaaande ut som Finnlandskartet paa skulen, kom Helga paa — dei tusen sjøars land.

Ho var mest huga til aa læ, men ho vaaga seg ikkje til. Heilt stød var ho ikkje i mælet likevel daa ho sa: «Eg trur, du maa tork' opp betre —.»

[27] «Tørk opp?» Aslaug retta seg opp — heile gjenta var ein einaste stor smil, — noko so morosamt hadde ho ikkje vore med paa før. Men du verda som ho saag ut! Den kvite kjolen var ikkje mykje kvit lenger, og strømpone! ein kunde mest ikkje sjaa dei hadde vore kvite og hol var det paa det eine kneet attaat.

Helga vart so forfælt ho vann ikkje segja ordet, og Aslaug lo, men laatten vilde ikkje klinga retteleg denne gongen. Det var ikkje morosamt aa koma heim til Ness og sjaa slik ut. Og golvet — «eg lyt vaska det oppatt alt i hop,» tenkte Helga modlaust. Og det var endaa ikkje det verste.

«Du kan umogeleg gaa heim slik,» sa ho til Aslaug.

Nei—i, det kunde ho ikkje godt hell det, men — —

«Eg skal vaske kjolen din eg — han er so tunn han turkar snart i sola.»

«Ja, nei vil du det? so tarv ikkje dei andre vita noko um det.»

«Nei daa. Men skund deg daa aa ha av deg.» —

Kjolen kom av i ein fart og Helga brukte saape og vatn og nevane sine det beste ho hadde lært. Jau visst muna det. Ho heldt kjolen mot ljuset og saag paa han; og Aslaug kytte og tykte det gjekk realt, ho sat i helgekjolen [28] hennar Helga og saag paa. Og Erik og Margot hadde kome tilstades dei òg, og stod og bisna.

Men Helga fekk rukkor i panna og sveittperlor paa nasen — ho var ikkje van med aa vaska slikt fint ty, og ho tykte ikkje ho fekk det til som ho vilde.

Men endeleg fekk ho daa hengt baade kjolen og strømpone paa snora til tørkings. — Aslaug laut gaa berrføtt so lenge. Og det gret ho ikkje til, kan du vita.

No fekk ho sjaa baade Potifar og grisen og hønene. Ho vilde ha Erik til aa herma etter hanen, men daa møtte Helga opp i fullt aalvor: «Du kan berre vaaga til,» let ho og var baade streng og redd. Erik var ikkje mykje huga han heller — det sveid for mykje i saaret til dess.

— — —

Kjolen vart sovidt turr, at Aslaug fekk han paa seg og kom heim tidsnok til middag. Dei strekkte han og glatta han til med hendene so godt det let seg gjera, men nokon staskjole var det ikkje lenger. Det saag Helga vel; og ho gjekk med hjartet i halsen og gruva for korleis det vel gjekk Aslaug naar ho no kom heim aat mor si. Venteleg fekk ho ikkje koma aat Vika meir. — — —

Men berre eit par timar etter kom Aslaug springande att. No hadde ho raud kjole med [29] kvit krage og brune strømpor og skor, og det saag ikkje ut som ho ofra kvitkjolen ein einaste tanke. Ho lo og var like kaat, og Helga tykte det var leidt aa spyrja — endaa so stor lyst ho hadde. Du store tid, om ho hadde handsama kjolen sin slik! — — —

Aslaug kom for aa faa Helga med seg paa ein biltur. Mor hennar og ho og eit par andre av gjestene paa Ness skulde bila heile bygda oppover, og Aslaug hadde faatt lov til aa be med seg Helga. Tenk bile heile bygda oppover i ein flott drosjebil daa!

Hjartet tok til aa banke so urolegt i bringa hennar Helga, og augo var blaaare og meir straalande enn sjølve skyfri julihimmelen. Ho raudna av glede og frygd.

Tenk bile! Berre det aa sjaa ein bil susa forbi var som eit lite glytt inn i eventyret. Og so faa vera med daa!

«Skund deg daa Helga! Dei ventar paa oss skynar du!»

«Men —»

«Ikkje ver tosaat no daa! Ha berre paa deg og kom, veit eg.»

«Ja.» Helga var alt paa farten; ho fekk ha paa seg sundagskjolen og — —. Daa rauta Blidros bortpaa enget. Trøyste oss no hadde ikkje ho faatt vatn att paa heile lange dagen, og so varmt som det var òg. Kva vilde vel mor segje? Og inne var stovegolvet like uvaska, [30] og grisen — og borna — og alle dei ting som laut gjeras! — Farten sagt na lite om senn og daa ho hadde kome aat gangdøra stana ho.

«Eg — eg kan nok ikkje bli med lel —»

«Jauvist kan du bli med. Mor vil so gjerne, at — — og no ventar dei berre paa deg. Kan du ikkje skunda deg daa!» Aslaug hadde vorte utolsam.

Men Helga heldt fast paa sitt. «Det er plent uraad,» sa ho, «eg kan ikkje bli med.»

«Ja, men vi kjem daa heim ikveld att og vi bilar deg like til døra — og Erik og Margot kan daa so vera aaleine den stunda; dei er daa sopass store —.»

«Det er ikkje berre dei heller, men det skynar du ikkje. Og — eg kan ikkje bli med lel, hører du.»

«Du er retteleg ei tverrpompe, er du;» Aslaug var baade arg og vonbroten, ho hadde gledd seg so til aa faa med Helga, og no stod ho der berre og var vrang. «Ja, no maa eg gaa eg — so kan du ha det so godt daa.» Og borte var ho.

Men paa sengbenken inne i kammerset laag Helga og gret so saart, so hjartet mest vilde sprengjas. Og ute paa enget i solsteiken stod Blidros og rauta baade ein gong og mange gongjer, før Helga hørde henne att og kom ihug at ho vanta vatn.

Buhunden

[31] Dei fann skjel nedi Vikafjøra. Helga og syskena hennar hadde kvar sin rettelege gard med full buskap – baade kyr og hestar, sauer griser og hønor. Og Margot hadde jamvel ein buhund. Det var det ingen av dei andre som hadde, og den hunden var fin.

Margot hadde sjølv funne han og ho hadde havt mange gilde tilbod om sal eller bytehandel framover sumaren. Men ho heldt seg stiv. Ikkje for gull og alt det gildt dei elles kunde lova henne selde ho hunden sin. «Eg faar det ikkje lel, so –,» sa ho gjerne, naar dei lova henne noko som noko var. Ho hadde vel røynt ymist før òg, truleg – og so heldt ho paa hunden.

Men forargeleg var det, tykte Erik, han var so ille oppraadd for ein buhund han; og om han gjekk der og grov i fjøra baade paa langs og tvers, so var du fri for han fann nokon lel. Og Margot hadde mykje mindre fjøs og ho. –

«Difor treng eg, at eg passar det vel,» let Margot. Erik vart so med seg over det kontante svaret, at han vann ikkje segja noko paa ei heil stund. Han gjekk like godt ifraa henne til so lenge, – gjentungar skulde ingen bry seg med i grunnen.

[32] Helga var huga paa hunden ho óg, men slik som Erik gjekk ho ikkje og gnog. Ho freista andre raader, ho godsnakka med Margot og somtid fekk ho hunden til laans, men til eige! nei det var du fri. Ho var med og la paa han namn – Burmann vart han heitande – og ho lirka so lenge med Margot at ho heldt paa og skulde faa byte han aat seg for tri kyr og ein skamstor gris, men i siste liten atra Margot seg. Ho vilde ha hunden sin sjølv, for ho trongte han so vel.

Daa gav Helga seg; men Erik kunde ikkje halda seg – han freista seg med ran og han. Det var ein dag Margot skulde hjelpa Helga og leita egg, – det var heile tri hønor som gøynde seg og varp ute, og no skulde dei mest leita dei opp var meininga. Erik skulde vera med, men so kom han paa han skulde lura seg bortaat fjøset hennar Margot og sjaa om hunden i staden. Han gjekk der so lur og less leita egg, guten, og gjentone trudde paa fred og ingen faare, so dei kom ikkje paa aa ansa etter han hell.

Men daa Margot kom og skulde sjaa om krøtera sine ei stund etter, var buhunden borte.

Det vart spurnad og leiting og undring. Kor kunde det ha vorte av han, tru? Erik var med og leita han òg baade høgt og laagt og tykte visst han var overlag so lur, men korleis^[33] det var eller ikkje, mistanken fall meir og meir paa han. Sjølv sagt negta han. Det hende ikkje heller at han hadde teke hunden, let han. Han hadde leita egg han, og det visste dei daa, det.

Men det var ingen annan aa gjera paa, meinte Helga. «Trur du ikkje eg ser det paa deg, at det er du daa,» sa ho.

«Det kan du daa ikkje sjaa nei – naar det ikkje er eg so – .»

Slik heldt dei paa lenge og kjekla. Men like langt kom dei. Tilslut gav dei seg gjentone – og Margot tok smaatt til graaten. Ho trega so saart paa den fine buhunden sin.

«Eg skal faa mor til aa melda deg til lensmannen, eg,» let Helga, ho gjekk stad etter ei vatsbytte til Blidros; ikkje hadde ho tid til aa hefta seg med ein trollaat gutunge lenger. –

Di lenger det leid utover dagen, di stillare vart Erik. Det saag mest ut som det var noko han gjekk og funderte paa, han dreiv so rastlaust ikring og kom seg ikkje i gang med nokon ting. Daa Helga sat og melka kua til kvelds stellte han seg opp attmed henne.

«Trur du ho mor bryr seg um lensmannen du daa?» spurde han litt svivyrdslegt.

«Ho nei! Ho har daa ikkje gjort noko gale, veit eg. Nei, ho melder berre at hunden hennar Margot er borte, ho, og so lyt lensmannen finne han daa, skal du sjaa.»

^[34] «Pytt sa'n, det er daa berre ein skjelhund. – »

«Jamen han er svinagtig fin skal eg segja deg. Aslaug sa det ein dag ho var her, at det var ein musling sa ho – og det er noko fint det, maa du vita.»

Erik visste ikkje stort aa segja til det. Dette med lensmannen likte han ikkje. Ikkje so han trudde vidare paa det heller, men – retteleg trygg var han ikkje.

Daa Helga hadde sila opp melka og stod ute og vaska opp, saag ho Erik stiltra seg nedaat naustet. Noko var det han lura paa, det saag ho vel.

Og ikkje før var han kome seg derifraa, so var baade Margot og Helga iveg dei òg. Dei hadde gardane sine nedmed naustet alle tri, og no daa gjentone kom stod buhunden paa plass ute paa tunet hennar Margot att. Daa kan det henda dei vart høge i hatten, gjentone.

«Det var daa du som hadde teke hunden lel,» sa Margot til Erik og var glad han hadde kome til rettes att.

«Eg vilde berre skræma dykk, kan de vita,» sa Erik og less vera ovanpaa han òg. Men daa raakte han paa Helga.

«Du daa din skrytmikkel, du vart redd lensmannen gjorde du. Det var ikkje det grann anna heller.»

[35] Og det trudde dei baade Margot og Helga, same kor Erik freista snakka seg ifraa det.

— — —

Det var endaa ei som gjerne vilde havt buhunden. Og det var Aslaug. Ho hadde set paa denne hunden alt første dagen ho var i Vika og ho hadde kytt reint overlag av kor fin og vakker han var. Ho heldt han oppaat øyro for aa høyre um det song i han. Og det gjorde det, sa ho og bad dei andre høyre dei òg.

«Det er mest som ein høyrer sjøen om kvelden naar det er stillt,» sa Helga, «det er slik undarleg sus. — —»

Aa, kor ho ynskte det var hennar hund! At ho hadde funne han og havt retten til han, ho skulde ha vore so redd for han, at —. Margot kunde gjerne koma til aa øydeleggja han og ho, kom Helga i hug og so freista ho endaa ein gong um ikkje Margot vilde gjeva han ifraa seg. Men det gjekk ikkje. Margot var like glad i hunden ho som dei andre, og ingen ting i verda skulde faa henne til aa skilja seg med han. Det maatte dei berre lita seg paa. —

Det vart mest slik at dei tykte ikkje gardane elles var nokon ting tess, naar dei ikkje hadde hund. —

— — —

Helga og Margot hadde vore bestevener [36] alltid, heilt siden Margot var lita og laag i vogga, og Helga sat inne og vogga henne medan mor var i fjøset eller ute. Daa sat Helga og smaaprata med den vesle gjentungen og kitla henne under føtene og fekk

henne til aa læ aat seg og drøsa. Og daa Margot bynte stabba og gaa var det Helga som stødde henne og hjelpte henne paa alle vis. Og venskapen hadde vara alle aara oppover.

Men etter at Aslaug kom tykte Margot ho vart tilovers. Dei var større desse to gjentone, og stødt var det Helga Aslaug spurde etter naar ho kom springande aat Vika.

Helga hadde jamvel vore med Aslaug til Ness ein sundag ettermiddag og vore der heile kvelden utover. Og ho hadde vel havt det gildet! Men aldri hadde Margot vore so reint raadlaust aaleine som den sundagen. Det hjelpte ikkje om mor var heime heller, ho sakna Helga kor ho gjekk og stod.

Det var stygt av Helga aa gaa ifraa henne slik, og ho skulde nok faa det att nokon gong. Naar Margot berre vart stor so vilde ho bli so fin, so fin, mykje finare enn Aslaug no; ho skulde gaa klædd i silke kvar einaste dag, og daa skulde ho ikkje sjaa paa Helga dessmeir. So vilde nok Aslaug heller gaa med henne enn med Helga, og daa hadde ikkje Helga nokon ho, og vart like aaleine som Margot var no. [37] Men det var tilpass aat henne – naar ho kunde vera slik, so – – –

Margot tenkte att og fram ein dag ho sat nedmed naustet og stellte med garden sin. Det var fjøslona som tok til aa bli so reint for lita og eitkvart var det som laut vølas mest paa alle kantar. Men so hadde ho slikt aa gjera idag, og berre fine godveret var det til det òg. Eit skikkeligt hundehus laut Burmann ha i minsto! det kunde enno bli styggver, og det tok alt til aa skumas om kveldane. Og tak over hovudet var vel det minste ein hund kunde krevja, skulde ein tru. –

Helga var med Aslaug og lauga seg; men dei var so store paa det og so krye, dei vilde ikkje ha med seg Margot.

«Smaaungar kan ikkje gaa i sjøen,» hadde Aslaug sagt og so hadde ho drege Helga med seg. Smaaungar! plent som Margot ikkje kunde lauga seg like godt som nokon av dei. Ho hadde daa mange gonger før vore med Helga – –

Det vilde ikkje gaa retteleg med byggjinga. Hus til Burmann fekk ho til paa det viset det var, men fjøset fekk helst vera enno ei stund. So godt som veret var kunde kyrne godt gaa i trøa òg enno. Ho fekk retta litt paa gardsleet, so – –.

Smaaungar – det song i øyro hennar Margot, smaaungar, smaaungar! Ho svelgde og [38] svelgde, men klumpen i halsen vart berre større med kvart, og fjøset og trøa

og heile garden flaut saman og vart berre skodde. Helga hadde aldri kallt henne smaaungar før, korkje henne eller Erik! –

Det kom nokon langsmed fjøra paa hi sida naustet. Margot hørde dei prata og lo, det var nok Helga og Aslaug som kom att. Ho freista torka vekk taarone men det muna so lite, det kom berre fleir og fleir di meir ho torka og svelgde og hiksta til – dei vilde slett ikkje stana. Daa reiste ho seg og la i spranget heimover. Ho hørde at Helga ropte etter henne ein gong, to gongjer, men dei skulde daa sleppa sjaa at ho gret lel.

Beint inni kammerset sprang ho og kasta seg aa gruve framfor sengbenken; ho grov hovudet nedi teppet og gret og gret. Aldri i livet vart ho glad meir, aldri; og naar ho berre vart sopass stor vilde ho reise langt langt vekk, so langt at Helga aldri fann att henne meir, so kunde ho leite og spyrje daa. So kunde ho trege seg og minnas. Men aldri vilde Margot koma att – ikkje før ho vart retteleg gamall. Daa kan hende vilde ho koma ein tur, men daa var det vel ingen som kjende att henne. – –

Men enn om Helga fekk buhunden likevel! Margot fekk daa sjaa han kvar dag lel og leike med han sumtid, eller so kunde ho [39] og Helga slaa saman gardane sine, so trongte dei ikkje meir enn ein hund heller. Og so vart Helga god att kan hende, so braud ho seg ikkje so mykje om Aslaug lenger. – Enn om ho kunde faa det til slik! Graaten stilna med kvart, taarone rann ikkje so kjapt lenger, og livet var ikkje so reint vonlaust likevel. Margot kunde godt flytta garden sin bortaat Helga sin, so sette dei hundehuset i skilet og so vakta Burmann baae gardane. Det var helst det likaste; plent slik laag Nordbygardane òg vegg i vegg mest, men dei hadde ikkje noko hundehus, dei.

Ho fekk gaa nedaat naustet og snakke med Helga, eller best var det ho venta litt til Aslaug laut gaa heim. Ho vilde helst snakke med Helga aaleine. –

Det var ingen nedmed naustet daa ho kom dit og ingen aa sjaa elles heller. Berre Erik stod lengst uti fjøra og kasta flyndre. Daa han saag Margot hauka han:

«Eg har faatt til fire og tjuge flyndror i eit kast, eg, – du kan tru det gjekk fint. Kom og prøv du òg; eg har ein heil dunge med fin stein. Kom skal du faa.»

Men Margot vilde ikkje. Det stakk til so leidt med same ho saag at Helga var borte – so hadde ho vel vorte med Aslaug att daa! Men ho gjekk nedaat naustet likevel, ho kunde alltid [40] sjaa paa korleis dei kunde ordna seg. Og Helga maatte vel koma snart. –

– Burmann var ikkje i huset sitt. Det var det fyrste Margot saag. Og storoksen var borte vart ho var ei stund etter. Burmann og storoksen! det fanns ikkje maken til skjel i heile Vikafjóra om dei leita baade paa kryss og tvers, og no var dei borte! Korleis i all verda –?

Margot tenkte baade eit og anna, ho tenkte paa Erik, men trudde ikkje det var han heller, ho tenkte – nei, ho vilde ikkje tenkje paa Aslaug og Helga. Det kunde ikkje vera dei. At Helga skulde – – nei, tenkte Margot enno eingong, nei, dei er det ikkje; men dei kan hava gøymt skjela einkvar sta'n. Ho tok til aa leite, inni naustet og utom, høgt og laagt. Og fann aldri det slag. Nokon maatte hava teke baade hunden og oksen, men kven? Mistanken laag og lura inni tankane hennar, han laag liksom og kika fram kvar gong ho ikkje varde seg. Men at Helga vilde? Og so tok taarone til aa tipla og renna alt i eit att, og det var ingen som brydde seg med aa tørka dei av heller no. – –

«Margot, Margot, kom og hjelp meg med Blidros; kor er du henne, Margot, kan du ikkje koma daa?» Det var Helga som ropte. Margot svara ikkje. Ho sat og gret og reiv opp veggjer og tak og øydela gardan sin reint. ^[41] Kva skulde ho med gard meir, ho var den usælaste vesle gjenta i heile verda; det var ingen som brydde seg om henne. Og no vilde Helga koma og gjera seg blid og smøykjen kan hende?

«Men sit du her? Kvifor svarar du ikkje naar eg ropar paa deg?» Helga kom heilt bortaat og fekk sjaa kva Margot heldt paa med. Ho tok i handa hennar og heldt att.

«Men kva er det du gjer? Kvifor riv du sundt? Margot, kan du ikkje lata vera daa? Og so sit du her og gret òg.»

«Det er det same for deg det.»

«Jamen kvifor gret du daa?» Helga sette seg og samla sammen det Margot hadde rive opp. –

«Kvifor gret du, høyrer du?»

«Eg – du – du har teke – hunden du, so.»

«Hunden? Eg? Aldri i verda heller.»

Helga var so forfælt ho visste mest ikkje kva ho skulde segja. Ho tok til aa leita med ein gong. Ho gløymde reint at Blidros skulde melkas; ho snudde opp ned paa alt det ho kom borti, ho fekk Margot til aa hjelpa seg – og like lite hjelpte det alt. Dei fann korkje Burmann eller storoksen.

Tilslut laut Helga gjeva seg og det var berre med nauda ho ikkje gret ho òg.

«Det er ikkje eg som har teke hunden,» [42] sa ho, «eg kan gjerne taka deg i hand paa det.» Og so retta ho fram handa si aat Margot. Og Margot visste at Helga sa sannt; naar ho hadde teke henne i hand paa det, so – – Men kven? Helga gissa og Margot gissa, dei prata og undras, og ein gong nemnde Margot Aslaug. Men daa sa Helga nei; ho var viss paa det kunde ikkje vera henne. Og Margot gav seg paa det. Det var mest det same og no, for no tykte ho mest ho hadde funne att Helga, og det var likare enn baade hund og okse. –

Ho stod og godsnakka og smaasong aat Blidros medan Helga melka; og kua stakk mulen sin borti neven hennar og sleikte so vel opp kvart eit saltgrann ho hadde havt med. Og imorgo skulde ho og Helga byggja garden sin ilag likevel hadde dei vorte einige om.

Helga og Aslaug

Sundagen etter vart Helga bedt til Ness til Aslaug. Aslaug skulde reisa om nokre dagar og no laut dei nytta stundene vel.

Dei hadde sett opp disse paa Ness, og borna fekk lov til aa hoppa i høyet so mykje [43] dei berre orka og mor hennar Aslaug skulde koke sjokolade og ei fin kake hadde dei faatt heilt ifraa byen. Aslaug hoppa rundt i Vika og prata og fortalde so ho saup etter anden, og slik som ho gledde seg til aa syna Helga all herlegdomen!

Og kor dei skulde eta og ha moro. Du verda!

«Og veit du, no hoppar eg heilt ifraa øvste bjelken paa høyhellen, men du kan tru det kitlar i magen naar eg fer gjennom lufta,» fortalde Aslaug.

Det trudde Helga so gjerne, men fraa øvste bjelken –? «Det er høgt taket paa Ness maa du hugsa paa.»

«Det er fakta sant, so sant som eg staar her. Du skal faa sjaa kan du tru. Og no veit eg kva eg vil bli òg.»

«Skal du ikkje bli gartner no daa? Du sa daa det ein gong.»

«Gartner? Pytt, er det noko daa? Nei eg skal gifta meg med ein flygeløitnant, skal eg, og so vil eg vera med han støtt. Trur du ikkje det blir gildt?»

«Ja – au, men – enn om han ikkje vil daa?»

«Tøis. Visst vil han kan du vita. Men du, det maa vera forferdeleg spanande aa vera so høgt oppi lufta og so flyga plent som ein fugl. Det er noko med det likaste altso.»

[44] «Naar ein berre ikkje dett ned so.»

«Er du galen du? Du kan daa vita eg dett ikkje ned naar eg har ein retteleg flygar med meg. Elles so vil eg læra meg aa flyga sjølv òg, so eg kan hjelpa til um det knip.»

Helga kunde mest ikkje segja nokon ting til slikt. Det var vel gildt aa flyga, men – ho tenkte mest paa at ho skulde havt ein fin kjole til om sundagen og brune strømpor og skor. Og so stod ho og undras paa um ho kunde be Aslaug om ikkje Margot kunde faa vera med. Aslaug braud seg ikkje stort om Margot og Erik, men – det kunde daa ikkje gjera noko om ho spurde? Naar det berre ikkje hadde vore so leidt, mest som ho vilde be om noko. Det fekk helst vera likevel. Ho turvte ikkje bli so lenge paa Ness og so kunde Margot og ho leika seg heile dagen elles. Og heile tida siden òg, naar Aslaug var reist.

Men heile sundagen gjekk Helga med vondt samvit. Endaa Margot sa ho maatte berre gaa, det gjorde ingen ting, og ho og Erik skulde nok finna paa noko retteleg morosamt heime, dei. Og no var det siste sundagen Aslaug var der òg. Men likevel – det hadde vore mykje meir hugnad med det om Margot hadde gaatt breidmed henne, daa ho kom framaat det store tunet paa Ness. –

Aslaug kom springande imot henne. Fin og lettklædd so ho minte om ei marihøne, [45] tenkte Helga. Endaa var det ikkje den kjolen ho skulde ha paa heller; ho hadde berre hjelpt mor med noko og so vart ho for sein til aa skifta. Men Helga maatte vera snild aa venta lite grann berre. Og Aslaug lo og nikka og sprang sin veg. Og kom att straks etter klædd i bunaden slik som første gongen Helga saag henne. Og like eins som Liv hadde vore. Helga skyna godt at det var for aa gjera henne glad, og at Aslaug tenkte paa Liv ho òg.

Men ikkje for alt i verda fekk ho seg til aa nemna Liv eingong, ikkje idag i alle fall. Det høvde ikkje her saman med alle leikane hennar Aslaug. Liv vart so lita og kvardagsleg, naar ho samelikna henne med dokkone hennar Aslaug. Dei to lange flettone hennar Liv som Helga hadde tykt var so fine, kva vart vel dei, naar ho saag den store gull-lokka Sigrid hennar Aslaug? Dei vart mest til inkjes. Og heile glansen gjekk av Liv, so ho skyna mest ikkje at ho hadde sett henne so høgt heller. Det var ikkje beint fram slik at ho skjemdes av aa snakka om henne heller, men – noko var det, noko som sette laas for all samrøde om Liv.

Og so gjekk det liksom i staa alt i hop. Eller det heldt paa og skulde gaa reint i staa. Helga var so framand og mor hadde sagt ho laut vera stille og føra seg fint. Og so var det so varmt òg; ho hadde baade strømpor [46] og skor paa, men ho aatte ikkje anna enn storskoene som ho skulde ha paa skulen til vinteren og dei var varme no somars dag. Aah! som ho ynskte ho kunde kasta baade dei og dei tjukke ullstrømpone og springa berføtt som ho pla gjera. Men det gjekk nok ikkje an idag, diverre.

So var det so mange fine folk som Helga skulde helsa paa. Dei smilte til henne og heldt henne i handa og prata so mykje som Helga ikkje var god for aa skyna, og so visste ho mest ikkje kva ho helst skulde svara. Ho vart staaande der baade brydd og usæl.

Men alt det ho saag! Ho gløymde reint Aslaug og det ho hadde aa fara med for alt dette nye. Enn at det fans damor som gjekk mest nakne daa – ilag med framande folk. So gale skulde ein ikkje set heller. Det var ei serleg; ikkje hadde ho armar i kjolen sin og ingen ting over skuldrane og – ja det var mest ingen ting til kjole. Henne laut Helga sjaa paa rett som det var, ho fekk mest ikkje augo ifraa henne. Til dama ansa det og smilte.

«Synes du jeg er rar, vesla?» undras ho.

«Ne–ei.» Helga kunde ikkje segja det heller.

«Men hvorfor ser du slik paa mig da?»

Nei, Helga vilde ikkje ut med det. Ho [47] raudna og snudde seg mot andre leida. Men dama gav seg ikkje.

«Sig det nu da,» bad ho. Og dei andre bad med. Tilslut vilde alle vita kvifor Helga saag mest paa henne.

Helga visste ikkje si arme raad; ho ynskte ho vel var heime hos Margot og mor og Erik. Ho skyna vel ho hadde ikkje bore seg rett aat, og ho hadde ei kjensle av at det vart endaa verre dersom ho svara. Men daa ho slett ikkje fekk fred laut ho svara til tilslut.

«Eg – eg tykte – det var slik synd – om deg,» stota ho.

«Synd? Jamen hvorfor det da?»

«Jau, naar du ikkje har raad – til aa ha nok ty i kjolen din, so – –.»

– – –

Ei stund etter var Helga og Aslaug paa veg til høyhellen. Dei sprang daa dei andre lo paa det likaste. Det var vel henne dei lo aat skyna Helga, men kvifor skyna ho ikkje retteleg, og det same kunde det vera for no skulde dei hoppa i høyet.

Det var gildt. Det kitla slik at Helga laut halda anden, og ho svimra reint naar ho saag kor Aslaug kleiv opp og breidde ut armane og slepte seg utover som ein stor

fugl. Men Helga kleiv opp ho òg, høgare og høgare for kvar gong. Hadde ho berre ikke havt dei tunge skone, og hadde det berre ikkje vore^[48] so varmt. Ho sveitta so det draup av henne og naar ho saag nedover kjolen sin og strømpone fælte ho reint; for slik som ho vart utsjaaande! Krøllaat og høyfrøaat og støvaat!

Men Aslaug visste raad. «Ta berre av deg,» sa ho, «du kan ha paa deg naar vi skal inn att.»

Og i ein to tri var baade skoene og strømpone av og den pene helgedagskjolen; og no kunde Helga hoppa so høgt det skulde vera, ho turvte ikkje ofra ein tanke paa klærne meir. –

Aldri i sitt liv hadde ho havt slik moro. Dei staaka og lo, kasta høy paa kvarandre og kappas om kven som torde hoppa høgast.

«No sit eg paa øvste bjelken, – ser du,» ropte Aslaug, «høgare kjem ingen.» Og so slog ho ut med armane og slepte seg utfor. Og fann att seg breidmed Helga i det fine mjuke høyet.

«Det vaagar ikkje du,» smaaterga ho. Men Helga vaaga. Gong paa gong hoppa dei ned fraa øvste bjelken; somtid heldt dei kvarandre i hendene, og somtid hoppa dei kvar for seg.

«No ser du snart ut som ei retteleg haugekjerring,» sa Aslaug og storskratta.

«Ja enn du, meiner du,» lo Helga med; «men enn bunaden din?» ottas ho so.

«Pytt den! Emma flir opp den att kan du vita.» Ja, daa so, det var inga sak daa.

[49] Pytt sa'n, sa dei baae og lo aat kvarandre, og so maatte dei hoppa enno ein gong. Berre ein gong til. Og dei hoppa og lo, og so hoppa dei endaa eingong. Den aller «aller» siste.

Men daa dei stod og kosta av kvartanna sa Helga ho skyna so godt at Aslaug vilde gifta seg med ein flygar. Herlegare kunde vel ingen liva enn naar dei fekk vere meste tida i lufta. – –

– – –

Dei drakk sjokolade sammen med dei vaksne, og^[44] no var Helga mykje freidigare av seg. Rett som det var sparka Aslaug borti henne og blunka so ho laut læ. Dei lo aat det reine inkjvetta tilslut, og dei hadde slik moro, at dei fekk alle dei vaksne til aa

læ med seg. Men ein ting storundras Helga paa! Korleis det kunde ha seg, at byfolk kunde ha det so fritt og fint støtt. Det saag ikkje ut som dei møddes med nokon ting, dei. Ikkje saadde dei og ikkje hausta dei, og maatru kor dei tok alle pengane fraa, som dei laut kjøpa for? Ho tok smaatt til aa ynskje at ho maatte bli so stor snart, at ho kunde faa seg tenest i byen i minsto. Enn naar ho kunde faa raad til aa klæ seg so fint som ho Emma hos mor hennar Aslaug, – og endaa hadde daa ikkje ho noko tungarbeid det Helga kunde skyna. – –

[50] Sidan gjekk dei rundt og saag seg ikring. Aslaug trilla den store dokkevogna si og Helga less vera framand dame paa vitjing. Det var ho no òg det, og ho gjekk der so truverdige og kytte av dei fine og staute borna og snakka baade om eit og hitt som dei vaksne plar ha for seg.

So laut dei bort i fjøset sjølvsagt og sjaa paa kyrne og grisungane. For Aslaug hadde ei stor purke med sju smaagriser kring seg, og ho hadde det gildaste grisehus Helga kunde tenkja seg. No skulde ho berre faa sjaa.

Og sant var det, grisehuset var overlage. Slikt eit skulde ho og Margot òg laga seg imorgo, tenkte Helga med ein gong. Dei fekk alltid han Hans Fjerdings til aa hjelpa seg med det dei ikkje fekk til sjølv, naar dei snakka vel med han.

Men so skulde ho sjaa vidare, paa fjøset og – men kva var det? Det kunde daa umogelegt vera storoksen hennar Margot? Denne stod fremst frammed bjøllekua og var so lik han som den eine dropen vatn den andre og – Helga hadde mest ikkje trudd det fanns meir enn ein slik i heile Vikafjóra. Ho vart so med seg at ho hørde lite og inkje kva Aslaug prata om, og svara vann ho slett ikkje. Ho tok til aa sjaa seg ikring – leita. Daa vart ho var at Aslaug skunda seg og vilde stikka tilsides eitkvart.

[51] Det var Burmann so visst som noko. Den hunden skulde ho kjenna millom aldri so mange – men at han var her?

«Det var du,» ho vann ikkje segja meir straks, ho sette seg platt ned og tykte reint verda maatte snu seg. Ho vilde graata, men det skjemdes ho av, og so beit sinnet henne.

«Jau, du er ei nett ei,» sette ho i og reiste seg, «enn at du kunde faa deg til aa stela hunden hennar Margot daa. Aah, du skulde havt sopass, at –

«Hunden hennar Margot? – Eg har ikkje teke nokon hund fraa henne – eg fann hunden i fjóra, eg.»

«Det gjorde du visst. Trur du ikkje eg kjenner han Burmann du daa? Og trur du ikkje eg ser det paa deg daa? – Vil du vera so god aa taka han hit straks paa timen med deg.»

Helga var so rasande ho visste mest ikkje til seg. Noko so – so innmari det –.

Men Aslaug vilde ikkje gjeva hunden fraa seg, ikkje oksen heller. Helga laug, sa ho – ho hadde funne dei i fjøra; og so stakk ho i aa graate og sa ho skulde segja det til mama. So fekk Helga høyre daa.

«Det kan du berre gjera òg det,» bles Helga, «er mor di av same slaget som du so faar du visst ha hunden.»

«Kva er det du vaagar, din – din fatigunge du er? Eg skal faa han Kristen Ness [52] til aa taka kvar einaste skjel fraa dykk, eg; for han har vel mykje meire rett til fjøra han enn du og dei andre fatigungane i Vika ikkje anna enn eg veit. Men der har du baade hunden og oksen; naar det er so paa livet for deg, so – og der er kyrne og der grisene – berre ta det med deg og ha deg vekk. Det er vel hennar Margot sitt det meir og truleg? Du maa berre ta for deg, berre ta –.»

Aslaug gret og skjenddes og skjenntes. Ho kasta i dunge bortover aat Helga. «Berre ta det,» tok ho oppatt og oppatt og kasta og reiv ned og øydela heile fjøset sitt. Daa ho endeleg saag opp var Helga borte.

Aslaug vart still med ein gong. Ho reiste seg og saag etter Helga, og bortover vegen mot Vika sprang ho. Gret ho maatru? Ho sprang so rart liksom.

Aslaug vart staaande og sjaa etter henne alt til ho kom bort i svingen bortved grindsleet. Ho heldt paa skulde ropa eingong, men so gjorde ho det ikkje lel. Naar berre ikkje Helga hadde sagt det om mor! Ho hadde sagt det so svivyrdslegt òg, mest som ho meinte det. Hunden og oksen hadde ho teke med seg, men det meir laag att, – i knas mest alt. Ho sparka til det med foten sin, ho brydde seg ikkje meir um noko fjøs, det fanns ikkje moro i det. Og ho hadde daa sagt santt, ho fann hunden og oksen i fjøra. [53] Kunde ho noko for at Margot hadde tølone sine liggande i fjøresteinane? Det kunde vel kven som helst leita skjel baade attmed naustet og elles heile fjøra langsmed!

Aslaug var leid seg og sundagen var ingen helgedag lenger. Ho var glad ho skulde reisa til byen att imorgo og koma seg vekk fraa desse dumrianane her. Det var ingen av kamratane hennar der som vilde ha floge opp slik for ingen ting i alle fall.

Aslaug saag langt bortetter vegen mot Vika att. Tru kva Helga sa heime? og kva ho tenkte? Elles brydde ikkje ho seg det slag om kva slik ei viktigpære sa eller tenkte; ho hadde ikkje sopass som ein skikkeleg somarkjole eingong men kom i ein tjukk blaarutaat vinterkjole idag. Berre fatigungen altso! og mor hennar var berre ei simpel vaskarkjerring. Nei, ho brydde seg ikkje det slag om det heller. Men likevel – Aslaug gøymde seg daa mor hennar ropte paa henne. Det var ingen hugnad i nokon ting, og Ness var ein keidsam gard aa vera paa. Ho var so glad ho skulde reisa heim imorgo, at – –.

Helga sa ingen ting heime. Ho sette hunden og oxen paa plass, og daa Margot fekk sjaa dei der og tok til aa undras sa Helga berre ho hadde funne dei att. Dei hadde vel ikkje leita vel den dagen før. Og det laut Margot slaa seg til tols med.

[54] Men Helga brydde seg ikkje so mykje om fjøsstellet meir og det tykte Margot var leidt. Ikkje vilde ho vera med aa byggja nytt grisehus, og hundehuset hans Burmann vart staaande plent slik som Margot hadde laga det fyrste gongen. Helga brydde seg ikkje om Burmann heller.

«Det er no berre ein skjelhund,» sa ho, «og ikkje er det sagt han er so overlag heller.»

Det vart snart til det at Margot slo lag med Erik om gardsbruket. Dei bygde og vølte om og fekk det i stand att alt, – dei hadde jamvel store planar om meieridrift med tida. Men garden hennar Helga vart liggjande meir som ein setervoll den.

Pakken

Det var ikkje kvar dag det kom post til Vika. Dei hadde ikkje raad til aa halda blad og ingen var det som skreiv, so det vart ikkje noko aa fara med. Men paa haustparten ein kveld kom mor heim fraa bua med ein setel. Pakkepost stod det paa han med store svarte bokstavar, og til frk. Helga Vik stod det skrive. Det laag altso ein pakke til Helga paa stationen. ^[55] Kva i all verda kunde det vera, tru? Og kven kunde det vera som sendte pakke til Helga?

Pakken var fraa byen sa mor, det saag ho paa stempelen.

«Det skulde no vel ikkje vera fraa Aslaug vel?» undras ho.

Helga hadde rett tenkt det same, men ho vaaga ikkje tru det heller – etter slik som dei skildes den siste sundagen. Ho trega enno at ho hadde vorte so sint den gongen. «Men det var eg som hadde rett likevel,» verja ho seg kvar gong ho tenkte paa det. Ho hadde set over baade hunden og oksen og funne blyantmerka der namna vart skrive og – det var ikkje tvil om at det var Margot sine. Men det var det ho sa om mor hennar Aslaug, som ho trega mest. «Er ho av same slaget ho òg, so – Helga kjende det innst inni hjarta kor dei orda var stygge og vonde. Ho hørde dei oppatt og oppatt og kunde ikkje bli kvitt dei. Om nokon hadde sagt noko slikt aat henne? – Nei, det kunde umogeleg vera Aslaug som hadde sendt den pakken likevel.

Helga var mest huga til aa springa paa stationen etter pakken straks, ho. Men mor meinte det var stengt no, so dei fekk venta til imorgo – myrkt vart det snart òg.

«Men eg vil gaa,» sa Helga, «for det er min pakke.»

^[56] Ja, kjære, det skulde ho daa faa meir enn gjerne. «Eg er snart ikkje so lik eg gaar meir eg, trur eg,» sukka mor. Men ho sa det ikkje høgt, ikkje aat borna. Dei fekk tidsnok røyna det som vondt var lel, tenkte ho. –

Den natta sov Helga urolegt. Ho sloss med ein stor skjelhund, han hadde føter og sprang etter henne og ho kom seg ikkje av flekken. Han vaks og vaks, tilslut var han større enn eit menneskje og han vilde kjøva henne reint. Ho skreik og spennte og

kava med hunden for aa gjera seg fri, men ingen ting hjelpte. Ho vakna med at mor ruska i henne. «Men kjære deg, Helga, du maa daa ikkje bera deg slik,» sa mor.

Helga rafnas med seg og var glad det var berre ein draum. Men ho undras om det ikkje var morgonen snart. Ho hadde sove so lenge, tykte ho.

«Ikkje paa fleire timar enno,» sa mor, «so du kan trygt leggja deg til aa sova att.»

Og somna gjorde ho snart. Men daa byrja ho med same styret att. Ho bala og drøymde, ho tykte ho gjekk og drog paa ein ovstor pakke. Ho skulde bera han heim, men han var so stor og tung, ho evla han mest ikkje. Men korleis det var eller ikkje, ho fekk han daa tilslut innpaa tunet, og der skulde ho opna han. So var det Aslaug som var inni pakken; Aslaug i kvit kjole og med raud sløyfe [57] i haaret, og ho sette seg paa dørabrua og plukka opp all tiriltunga hennar Helga. Plukka og plukka og kasta ikring seg og trampa paa blomane, til Helga sette seg ned og gret. –

Mor laut ruska i henne att. «Eg har ikkje set so gale heller,» skjennte ho, «kva er det no du ligg og ber deg for att?»

Daa vakna Helga og tykte det var ein undarleg draum. Det kunde henda pakken var fraa Aslaug likevel, kom ho paa. Det var ingen annan aa gjeta paa heller i grunnen. Men maatru kva det kunde vera i han? – –

Noko so vent som ein fin klar haustdag er det vandt aa sjaa. Naar aakeren staar gullgul og fullmogen og duvar i vinddraget og lovar mat aat mange svoltne munnar, og fjorden ligg skinande blank og blaa og speglar av sjølve himmelen, daa ynskjer ein mest dagen maatte vera dubbelt so lang. Ein tøygjer seg liksom etter han og vil halda han fast, – for ingen veit korleis morgondagen vil bli. –

Den dagen Helga gjekk paa stationen etter pakken var slik ein fin haustdag. Men ho saag korkje paa aakeren eller fjorden, ho tenkte berre paa den forundarlege pakken.

Ho reiv eit lite hol paa omslaget og saag i noko raudt ty; ho var nok huga paa aa opna retteleg óg, men det gjekk ikkje skikkeleg an [58] her midt i aalmannvegen. Ho fekk heller sjaa til aa skunda seg heim. –

Helga vilde opne pakken sjølv, den var hennar og mor var einig i det; men dei stod trutt attmed henne baade Erik og Margot, ja det var ikkje fritt anna enn at mor laut staa og bisna ho med. Men verst var det for Margot.

«Skund deg daa,» sa ho naar Helga møddes med alle knutane, «tak ein kniv veit eg.»

Men Helga knytte opp kvar ein knute og for so vislegt aat som ho best kunde. Ho vilde liksom ikkje reint sleppa spaninga heller. Det var det at so lenge ho ikkje hadde set kva det var kunde ho gissa seg til dei herlegaste ting – –.

Endeleg! Ho drog fram eit raudt ulljolety so mjukt og fint at det var som den finaste mose aa kjenna paa. Det var tulla ikring fleire smaapakker.

«Det kan daa vel ikkje vera til meg?» sa Helga og saag med store undrande augo paa mor. –

Men mor bad henne berre pakka ut det som var att, det maatte vel vera noko skrive med òg, meinte ho. Der var fleire pakkar. «Til Helga» stod det paa den største. Til Margot og til Erik stod det paa dei andre to.

«Der er endaa ein,» ropte Helga og drog [59] fram den fjerde. «Til mor» stod der. Men ikkje noko brev.

So pakka Helga opp pakken sin. Det var ei fin dokke med kvit kjole og raud sløyfe i haaret, plent slik som Aslaug var klædd somtid. Helga vart so glad ho gjorde baade ho lo og ho gret. Ho snudde og vende paa dokka og la henne paa armen sin og byssa henne.

«Det er plent som i draumen min,» sa ho, «og ho skal heita Aslaug so visst som noko, for det var Aslaug eg fór og drog paa i natt med.» –

Det var ei dokke til Margot òg, men ho hadde raud kjole og brunt krulla haar. Og so hadde ho smaa fine spenneskor og kjole med rettelege knappar og knapphol i – det gjekk an aa klæ henne av og paa! Noko so fint hadde ikkje Margot set, Liv var inkje mot denne. Margot var mest huga til aa kalla si dokke Aslaug ho òg, men naar Helga alt hadde teke namnet, so –. Men Sigrid var eit fint namn det òg; ho fekk helst heita det, trudde Margot; og so tok ho til aa klæ av henne.

Erik møddes noko med aa faa opp pakken sin. Der var fleire papir ikring og knutar aa hefta seg med, so mor laut hjelpa han. Ho tok lite hardt i, ho, og daa let det so undarleg. Dermed so slepte ho ned heile pakken og ikkje tordes ho ta i han meir heller let ho. Erik vart lite grann fortentkt straks. Det [60] kunde no vel ikkje vera noko reint levande i pakken heller? Men let gjorde det, og det tydelegt òg. Han fekk vaaga seg i kast med det likevel han som kar var.

Det var ein hane i pakken. Og det ein som var baade spraglaat og kry. Der var slik reising med nakken at sjølvste keisaren av Kina kunde ikkje te seg brattare. Og han gol naar dei klemte paa han. Til eine foten hans var det festa ein papirlapp og paa den stod det «Potifar».

Erik vart staaande reint fortapt med hanen i handa – han hadde slik ei leid kjensle av aa bli gjort narr av. Han saag seg utrygg ikring. Drog dei paa smilen maatru? minntes dei? – Men ingen sa noko og ingen saag ut til aa tenkja paa slagsmaalet med den rettelege Potifar dessmeir.

Dei hadde so nok kvar med sitt og snakka i munnen paa kvarandre og samanlikna, og snakka um Aslaug. For pakken maatte vera fraa henne.

I mor sin pakke var det eit forklæty og inni der var det eit brev. Fraa mor hennar Aslaug.

Ho skreiv so mykje. Ho takka no for i somar og for all moro og hugge Aslaug hadde havt i Vika saman med dei staute smaagjentone. Og no vilde Aslaug sende desse tinga til eit minne om den gilde somaren, og ho [61] vona dei maatte møtas friske og glade att neste somar. Eller kan hende Helga fekk lov til aa ta seg ein bytur, naar ho fekk sauma nykjolen sin? Aslaug vilde so gjerne ho skulde koma!! Beste helsing fraa fru Alma Strøm, stod der. –

So glad ein dag minntes dei ikkje dei hadde havt i Vika. Det var mest som det gildaste eventyr alt i hop. Enn kvar si dokke daa! Helga og Margot klødde av og paa, dei bad mor etter lappar til aa sy kvardagsklæde av, og nytt hus maatte dei ha!

Men Erik lura seg utom veggjen etter Potifar og høneflokken og so klemte han paa sin Potifar. Kykeliky, let det. So lo han godt naar han fekk Potifar til aa undras og flaksa med vengjene. Jau, no skulde han retteleg arga han til gagns òg. Det kunde ha vore klarare maal i denne gummihanen, tenkte Erik, men det var ikkje verre med det, han kunde alltid hjelpa til litt sjølv òg han, naar det vart for haast.

Kykeliky, kykeliky let det kring veggjene alt i eit. Og Helga snakka ikkje aat Erik ein einaste gong, han fekk arga Potifar alt med han vilde. Ho hadde so nok aa gjera med aa stella med dokka si og tenkja ut og snakka med mor um korleis nykjolen skulde saumas. Kan hende vart det ein aat Margot med, det saag ut til aa vera so mykje ty, at –.

[62] Men um kvelden daa Helga la seg var det ein ting serleg ho tenkte paa. So var ikkje Aslaug sint paa henne lenger!! Ho vilde so gjerne at Helga skulde koma til

byen ein tur, stod det i brevet. Og sjølv om Helga ikkje kom seg til byen, so – desse orda tok liksom brodden av dei stygge orda ho sa den sundagen. Dei sveid ikkje so vondt lenger, og det kjendest mest som ho kunde koma til aa gløyma dei no etter kvart. Dei levde ikkje lenger.

Mor er sjuk

Ei natt seinhaustes vakna Helga so braatt og tykte det var eitkvart som stod paa. Det var myrkt i kammerset og ho hørde ikkje anna enn regnet som piska mot ruta og vinden som ylte kring husnova. Og likevel var det noko. Ho laag ei stund og lydte etter ljoden som hadde vekkt henne; so snudde ho seg og undras kva det leid, tru – og so led ho paa og skulde somna att. Daa hørde ho at mor ynka seg. So illt, so illt. Og daa kom ho ihug at det var den ljoden som hadde vekkt henne istad òg.

[63] «Mor,» kviskra Helga redd, «har du vorte klein, mor?»

Aa–aa–aa, det kom berre som ei stynjing til svar, og Helga visste ikkje anten mor hadde høyrte henne eller ikkje.

«Mor,» freista ho att, «er du daarleg, mor?»

«Aaja, aaja, – eg orkar mest ikkje meir,» ho vreid seg reint og Helga tykte mest ho kjende kor vondt ho hadde det, ho òg.

Ho skunda seg opp og fann i ljøs. Ho var redd so ho skalv og kaldt var det. Ho tykte det bles tvert igjennom veggjene – det kunde ikkje vera stort kaldare ute heller. Men det maatte vel bli likare naar ho berre vann faa paa seg klæda. Naar berre ikkje mor var retteleg daarleg!

Ho laag still med attlatne augo, daa Helga kom bortaat senga med ljøset. Og ho pusta so kringt og vart kvit og raud om ein annan. No tok ho paa aa jamra seg att, ho krøktes reint samen og sveitta so det rann av henne. Helga stod raadlaus og redd og visste ikkje noko kva ho skulde triva til.

«Kan eg hjelpe deg med noko, mor?» sa ho.

No saag mor opp, men det var mest som pina sat i augo og, so stive og stirande var dei. Og munnen var som eit strek berre.

«Er trur – du lyt – gaa etter – doktoren, Helga.»

[64] Etter doktoren! so var det reint gale daa. Og han budde langt bortom stationen; ho laut gaa baade forbi kyrkja og kyrkjegarden – og det var midt paa natta. Om ho venta til imorgo tidleg –? Retteleg grytidleg, før det vann bli ljost? Kan hende veret gav seg ein grann òg til da.

Mor jamra seg att; ho hadde nok ikkje ansa at det drygde litt før Helga svara noko. Eller so venta ho ikkje noko svar. Som vel var. Og no smilte Helga til mor si og strauk sveitten av panna hennar.

«Eg skal springa, mor, – alt eg vinn.» –

Ho fekk paa seg klæda stillt og fort, fann fram ei lampe og tende, og sløkkte ljuset att. Det var tryggare soleis, kom ho ihug.

Skulde ho vekkja Margot og Erik tru? So mykje mor ikkje vart liggjande aaleine? Ho bøygde seg over dei og saag kor godt dei sov, dei hadde ikkje ansa nokor uro saag det ut for; og med ein gong tykte ho, at ho var so mykje mykje eldre enn dei, – at ho heldt paa og vart vaksen reint. Det var ho som hadde ansvaret for at alt gjekk vel no, tykte ho. Og Margot og Erik var berre borna enno, dei skyna so overlag lite. Dei fekk helst sova til dei vakna sjølve seg.

Men daa ho kom utom døra og stod der i biksvarte myrkret med isande austanvinden beint imot seg, daa tykte ho det vart so meiningslaust [65] at mor skulde liggja aaleine. Kan hende vakna dei og vart redde, Erik og Margot, og det var mest verre enn noko anna. Ho tenkte paa Hans Fjerdingen. Han var næraste grannen og han var daa eit menneskje i alle fall. Om ho vekkte han og fekk han til aa gaa heim til mor? Det var ikkje sagt han kunde gjera henne nokor stor hjelp heller, men borna kunde han daa i alle fall stagga, dersom dei vakna og vart redde. Tankane arbeidde so ho gløynde mest baade stormen og regnet medan ho sprang bortover til Fjerdingen.

Ho var gjennomvaat alt og ho kulsas daa ho stod og banka paa døra hans Hans og skulde faa han vaken. Maatte han berre vera heime no! Kjære, kjære Gud, lat Hans vera heime, faa han til aa hjelpa oss! Lat ho mor bli frisk att! bad ho hjelpelaust tilslut.

– Ho dundra paa døra alt ho vann, men det drukna i stormen alt i hop. Ho lydde. Men hørde ingen ting. Bere regnet som piska mot byslagtaket.

Kjære Gud, tok ho til att – banka og bad. Og ropte! Ho skreik omkapp med vinden, alltid høgare; hørde Hans daa ingen ting? Eller var han borte likevel? Det var visst

ei heil æva sidan ho kom, og no stod ho her kan hende og dundra paa eit tomt hus. Sett [66] at Hans var død braatt. Ho hadde lese om slikt, og det hende nok mange gonger.

Redsla tok til aa krypa henne oppetter ryggen, ho smaug seg ikring henne og syntte henne det eine uhyggelege bilæte etter det andre. Og mor laag heime og var so klein, so klein – – Kjære Gud hjelp meg, lat han Hans koma, kjære –. Ho dundra paa endaa ein gong.

Nei, ho laut visst gjeva det opp likevel, ho stod her berre og hefta bort seg; ho fekk heller skunda seg vidare. Mor venta nok saart paa hjelp, ho. –

Ho slepte klinka og snudde seg mot bygda og uveret. Ho visste ho hadde bygda paa den leida, men ho saag ikkje det slag. Det var so myrkt ho saag ikkje handa framfor seg eingong. Hadde det endaa gaatt eit tog om natta òg, kom ho paa, so hadde ho set ljøsken –, eller om det berre hadde vore eitkvart anna teikn til liv nokon stad. No fanns det ikkje liv, og likevel var det som det levde alt kring om henne. –

Det tusk innom døra og noko var det som skrapte mot golvet. Helga vart so med seg at hjartet stana mest, før ho vann somla seg so mykje at ho kom paa det var han Hans. So var han heime lel daa. So var han heime. Ho vart so glad, ho kunde gjerne graate, ho [67] hadde visst aldri i sitt liv vore so glad nokon gong.

Hans kunde gaa etter doktoren han, so sprang ho heim aat mor sjølv! At ho ikkje hadde tenkt paa det før! Naar han berre vilde? og det vilde han nok. Det kjende ho seg trygg paa. Ho stod og smaatrampa og venta paa han skulde laasa opp – enn at nokon kunde vera so uhjelpeleg sein daa?

Det var visst ikkje so aller verst myrkt likevel, og maatru om ikkje vinden heldt paa og gav seg litt? Ho tykte kjenna det slik. –

Og mor blir nok bra, blir nok bra, song det inni henne, daa ho sprang heimover. Ho hadde vorte so lett og vinden hadde ho etter seg no. –

– Men mor bar seg like gale, ja mest verre. Det var visst reint gale likevel dette, at ho fekk han Hans til aa gaa etter doktoren, det var ikkje sagt kor fort han gjekk heller han, og hadde ho sprunge straks utan aa hefta seg i Fjerdingsgen, so – so hadde ho vore langt paa veg att. Forbi kyrkja truleg.

Ho saag paa klokka. Ikkje meir enn tri. Før halv fem kunde ikkje doktoren vera der, sjølv om han køyrde hitover. Den som berre visste kva ein skulde gjera for aa

hjelpa! Det nytta mest ikkje aa snakka til mor, ikkje var det sagt ho høyrde, og om ho høyrde, so plaga det henne berre. Helga tenkte og tenkte.

[68] Ho minntes berre sovidt den gongen far var klein, men – brukte dei ikkje omslag daa tru? Vatsomslag? Og varmt?

Ho fekk freista det. Det kunde daa ikkje skade i alle fall. Og so gjekk tida fortare naar ho hadde eitkvart aa halda paa med. –

Ho fann i eit gamalt mjukt putevar og vreid opp i varmvatn, so la ho det over magen der det gjorde mest vondt. Mor sa ingen ting. Ho hjelpte til og la til rettes, daa ho skyna, kva Helga vilde; men daa det leid om ei stund saag ho opp og smilte.

«Eg trur det gjorde godt, eg,» sa ho, «takk skal du ha. Helga. Du var flink som kom paa det.»

Helga vart so glad at ho raudna, – so var det ikkje so gale likevel at ho sende Hans etter doktoren og sprang heim sjølv. For – innst inne visste ho at det var ikkje berre for mor si skuld ho gjorde det soleis, det var noko fordi at veggen var lang og fælsleg, so myrkt som det var med natta. Men no gjorde det ingen ting, so –.

Ho stelte seg med varmvatn og skifta omslag alt i eit. For ei lukka at ho kom til aa tenkja paa det! Mor var mykje rolegare no. – –

Klokka var ikkje fullt halv fem enno daa Hans kom med doktoren. So hadde han fare fort likevel. Helga hadde flidd opp og pynta [69] mor so godt det let seg gjera, og lampa skein klaart. Ho stod breidmed doktoren og rettleidde han med vatn og rein handduk, og var so huga til aa spyrja. Men so var det mest so ho ottas òg.

«Kven har vore her?» spurde doktoren, han var so barsk i mælet, at Helga vart redd. Hadde ho gjort gale? Var mor daarlegare? Tankane flaug gjennom hovudet, hulter til bulter.

«Ingen,» vann ho endeleg svara.

«Ingen? Men nokon maa daa hava lagt paa omslag?»

«Det – det var eg det.»

«Du?» Doktoren saag paa Helga mest som han tok maal av henne. «kven har lært deg det?» spurde han endeleg.

«Dei gjorde det daa far var daarleg òg.»

«Hm.»

Han sa ikkje meir paa ei heil stund, men endeleg var han ferdig og daa saag han paa Helga att. Lenge. «Du skynar vel at mor di er daarleg,» sa han endeleg.

«Ja-a.»

«Hm. – Ho lyt nok paa sjukehuset so snart det blir retteleg morgon.»

«Ja.» Ho visste ikkje anna aa svara til det. –

«Hm. Men har du nokon til aa hjelpa deg?»

[70] Helga saag raadlaust paa doktoren. Ho kom ikkje paa nokon i farten, men nokon maatte ho vel faa i. «Eg trur det,» sa ho stillt og tøvrande.

Daa melde Hans Fjerdingen seg.

«Med forlov, hr. doktor,» sa han og helsa paa militærvis med handa oppaat panna, «det er vel ikkje stor hjelpa eg kan gjera, men – skjuss og slikt kan eg daa alltid ordna og – ymse anna smaatterer kan det vel vera òg. So doktoren kan vera trygg.»

«Takk det var bra det, Hans. Elles ser ho ut til aa kunne hjelpa seg sjølv og denne,» sa doktoren og strauk Helga over haaret; «det var godt paakome det med omslaga, – du spara mor di for mykje vondt med det du, vesla. No skal du berre halda fram med det, so syrgjer Hans for skjuss so snart det ljøsner. Og so maa du vera flink gjente framleides. Du skulde sanneleg tenkja paa aa bli sjukesøster, du,» godprata han med han hadde paa seg pelsen og vottane, «jaja, det er alltid tid til det enno, sa'n.»

Han stod med sudvesten i handa og saag paa mor endaa eingong.

«No maa De berre liggje heilt roleg og lata Dagny, nei Helga var det, stelle med varme omslag. Berre roleg, skynar De. Godmorgen, godmorgen.»

[71] Han stod alt med foten paa karjolsteget, før Helga vann segja noko.

«Ho mor, – ho kjem seg daa vel? Ho blir daa vel frisk att?» fekk ho endeleg fram.

Daa smilte doktoren til Helga.

«Ja, ver du trygg, barn. Ho er berre slitt mor di og treng kvile ei stund. Ho blir nok frisk naar du er flink og hjelper henne no – – –.»

Ho hørde karjolduren eit stykke bortover vegen. So blanda han seg med ylet av vinden og kom bort. Helga stod aaleine att, og kjende at ho var ikkje retteleg stor og vaksen endaa, ho hadde vorte klar.

Sjukesøster, sa doktoren; aaja det var vel ikkje verst, men – det maatte vera stridt òg. I somar vilde dei flyga baade ho og Aslaug, men det var overlag lenge sidan i somar i grunnen. Mange aar mest.

Det var sanneleg godt ho kom paa det med omslaga, lel; han likte det doktoren òg. Ho fekk nok skunda seg og leggja under kjelen litt, so vatnet heldt seg varmt. Og mor kom seg, sa han, der var ikkje noko faarlegt berre kvile –.

Paa sjøen

[72] Det vart ein undarleg førejolsvinter aat borna i Vika. Helga meinte dei skulde fint klara seg sjølv til mor kom att – det kunde vel ikkje vera so lenge, og dei hadde daa vore aaleine so mang ein gong. Det var nok mange som tvila, og dei sa det med at det var raadlaust dei kunde styra seg sjølve desse borna berre. Enn om noko kom paa?

Daa gaar vi til Hans, meinte Helga, og elles so har vi daa vore aaleine mest kvar yrkjesdag før òg. Vi greier det vel no òg, naar vi har greidd det før.

Ho var so lita og so modig, Helga, og so blank i augo. Naar berre mor vart frisk att, so – og det hadde doktoren sagt ho skulde bli. Naar ho berre gav seg tid. –

Dei greidde seg sagte; men ein ting fekk Helga snart sanna: det vart annorleis aa vera husmor naar mor var heilt borte enn naar ho kom heim kvar kveld og budde til og rettleidde.

Det verste var mest aa faa det til aa strekka til det ho hadde aa gjera med. Same kor ho rekna og kor ho tenkte so vart det gjerne for lite eller i minste laget i alle fall. Det var Hans Fjerdingsgen som gav henne nokre kronur kvar veka; dei skulde ho ha til mat og det dei elles kunde vera nøydd til aa kjøpa.

[73] «Du maa hugsa paa du har ansvaret no,» hadde mor sagt ein dag. Hans var heime den dagen og saag til med krøtera og borna, so Helga kom seg iveg til sjukehuset og saag om mor. Ho minntes det vel, men det var ikkje berre søtmeik aa bera ansvaret alltid.

Alfred paa bua var staut – han gav henne mang ei kringle og mang ein brunsukkerpose attpaa, men likevel var det vondt aa faa det til aa hyra ihop.

Ho undras paa kvifor det var Hans som gav henne pengar, – og ein dag spurde ho. Daa fekk ho vita, at mor hadde selt naustet til Hans, baade det og baaten og den sjøreidskapen som var att. Det var det dei livde av no, og mykje godt dei pengane som heldt mor paa sjukehuset med. Ho kvidde seg so for aa gaa aat fatigstyret, sa Hans; og det heldt Helga med henne i, sjølvsagt. Men at naustet var selt!

Sjølv om det var Hans sitt og ho fekk gaa ut og inn der som ho sjølv vilde, so – – som før vart det ikkje. Det var ikkje hennar rike lenger, ikkje Erik og Margot sitt. Nei som før kunde det aldri bli. Og mor hadde sagt nei mange gonger naar Hans vilde kjøpa før; men no var ho vel eit nøydd til. Stakars mor! Men at ho kunde gjera det likevel, at ho verkeleg kunde selja –?

Helga fekk ikkje dei tankane fraa seg. Det var mest som noko heldt paa og kvarv [74] bort, noko ho ikkje vann halda fast paa lenger. Eit lite stykke av henne sjølv, eller barndomsdagane hennar.

Ein dag fekk ho braatt slik hug til aa sitja i baaten att som den tid ho var regtig lita og var med far. Og so vogga seg paa vatnet og halda fingrane nedi so vatnet fekk silra gjennom dei. Idag var det so fint eit ver, og det kunde vera som ein avskil baade med naustet og baaten. Helst skulde ho vel spurt Hans, men han sa ikkje noko lel om ho reiste uløyves trudde ho. Og baaten laag i fjøra, so det var inga sak. –

Det var aldri langt millom tanke og handling hos Helga. Ho fekk med seg Erik og Margot, gav Blidros ein retteleg høitapp og so bar det iver.

Erik hadde med seg fiskarsnøre – det var rettast aa nytta høvet meinte han. Og fersk fisk til middag imorgo var sanneleg ikkje aa vanakta. Det var ikkje so reint utrulegt han fekk so mykje dei fekk selja eit par ruggar òg. Ja det var helst trulegt naar han retteleg vann tenkja seg om. Han fekk sjaa til so han fekk med seg kleppen, so mykje han slapp mødas med aa faa dei inn i baaten dei som det var litt størrelse paa.

«Pytt sa'n, du faar daa ingen storfisk lel,» bles Margot reint svivyrdslegt – det arga henne at Erik skulde gaa der og gjera seg [75] viktig. Han var no ikkje so mykje større han enn ho.

«Det veit du ikkje du,» meinte Erik, «torsken plar vera stor utover førejolsvinteren, det veit eg. Og det er no helst torsk som bit paa so mykje du veit det.»

Han fekk ikkje noko svar paa det. Ikkje var det noko aa bitas om, og kven veit? han kunde gjerne faa fisk òg – det var slett ikkje so utrulegt. Om det ikkje vart nokon stortorsk so – smaasei var bra det òg.

Helga stod og lura paa ei sky; det var inga godverssky, det saag ho vel, men ikkje var ho retteleg svart heller og so fint som veret var no –. Ikkje skulde dei vera utpaa lang stunda heller var det tanken, berre ro eit stykke utover mot Nesslandet. –

Det gjekk fint aa faa baaten nedover lunnane daa dei fyrst fekk han paa glid. Og ro kunde dei alle tri trudde dei. Men daa ho tok aarane kom Helga ihug at ho hadde rodd berre med ei aar før – ho hadde alltid rodd ilag med nokon dei gongane ho hadde vore paa sjøen. Det fall noko tyngre no ho hadde baae kjende ho, men det gav seg vel naar ho kom i vane. Ho spende føtene godt frami tofta og tok i so ho vart baade raud og sveitt. Men so muna det òg. Dei var komne eit heilt stykke utpaa før ho skikeleg vann aa sjaa [76] seg om. No kunde dei berre koma og segja at ho ikkje kunde!

Ho heldt ikkje takten retteleg, det hende ho hamla med ei aar med ho rodde med den andre; men det var vel ikkje takten det galdt mest om i roinga. Det som det i røynda kom an paa var vel at dei kom fram, skulde ein tru. Og no gjekk det strykande her i likaste straumdraget.

Fiskinga hans Erik gjekk det skralt med. Gong paa gong kjende han napp, so tydelegt at det var ikkje til aa missta paa; men før han vann draga inn var ongulen tom. Inkje fisk og inkje agn. Det var det som var so borti stauren innmari, at agnet var teke òg. For daa fanns det fisk kan ein vita. Det var aldri noko anna som fór rundt i fjorden og stal agn. Men at han ikkje vart hangande paa kroken? at han ikkje aat ongulen i seg med agnet? Det munde vera ein eller annan styggslug gamall lurk som fór og gjekk og fylgde i kjølvatnet – og aat seg mett paa agn. Ein som hadde vore ute ein dag før og kjende konstene.

Eller so trollfisk. For det fanns trollfisk òg, det hadde Erik høyrd gjete meir enn ein gong. Og var det av det slaget so var han visst ikkje for god aa koma ut for. Men like forargelegt var det same korleis det hang i hop. Det vart ikkje so pass dei fekk kokefisk [77] heller heldt det fram slik. Dei fekk helst freista paa ein annan plass, trudde Erik.

Helga var ikkje uhuga paa det. Dei kunde gjerne snu og ro langsmed innerøylandet eit stykke. Og nærare land. For dei var kommet lenger til fjords enn ho likte. Ho hadde ikkje rodd stort heller no paa ei stund, so baaten maatte ha drive.

Det kom eit austanvindkast og kjølte kinna og ruska upp i haartenna. Margot drog trøya tettare ikring seg.

«Eg trur det blir kaldt, eg,» sa ho berre. Ho sat i bakskotten og saag paa Helga og Erik, og tykte det var gildt aa vera til sjøs.

Men rettno tok det til aa bli hustrigt.

«Eg trur vi ror heim, eg,» sa Helga; den skya som var baade lita og skuldlaus for ei stund sidan hadde vakse utruleg fort – og so var ho ikkje aaleine lenger. Det graana og svartna mest heile himelen over, og det var slik ein lei haatt i verdraget. Det var helst ei uverssky lel den ho saag. –

Det skulde beras heimover, det var dei einige om. Erik sa, det var ikkje ventande fisken beit naar det var meste kvinnfolk i baaten; han var missnøgd med heile fisketuren og dermed drog han inn snøret og let fisken gaa som han vilde. Han tok til aa sjaa seg ikring og tykte helst det var langt heim. Det [78] saag ut som kvelden ikkje var so langt unna heller.

«Du maa ro til gagns,» let han.

«Ro du,» beit Helga arg. Det var lett nok aa setja seg til aa kommandera andre, det var tyngre aa gjera det – det kjende nok ho. Ho tok i det vesle ho vann og endaa litt til, men naar ho saag seg ikring hadde det ikkje muna det slag. Det saag heller ut som det gjekk andre leida tykte ho.

Det tok til aa murra inni henne baade av otte og trege. «Hugs du har ansvaret no,» murra det, «hugs du har ansvaret.»

At ansvar kunde vera so tung ei bør! Det tyngde henne nedaat, krøkte fingrane kring aarane og nøydde kvar sene til aa røyna seg til det ytste.

Det vart ikkje berre med det eine vindkastet heller. Han kom att austanvinden, piska fjorden og laga kvite skumskavlar, han slo vatnet innover baatripa og leika seg med færingen som borna leikar seg med ei treflis i ein vaskebalje. Leiken kunde vera morosam nok for austanvinden, men dei tri som sat inni færingen tykte mindre mun i det dess lenger det leid.

«Vi kjem visst aldri heim,» tok Margot til aa sutra. Ho fraus so ho hakka tenner, og blaut var ho attaat.

[79] Helga hadde alt tenkt same tanken, men ho kunde ikkje segja det sjølvsagt.

«Visst kjem vi heim,» sa ho berre. Og so dreiv ho paa att. Hendene verkte og inni eine handloven hadde ho ei stor vatsblemme; det dunka inni hovudet mest som ein skulde høyra ei dampmaskin, og naar ho kvilte ein augneblink paa aarane skalv ho all i gjenom. Ho hadde rame saltsmaken i munnen, og somtid undras ho paa anten det leid so langt paa kvelden at det tok til aa bli myrkt, eller det var ho som var so

klar at det svortna for augo. Dei saag godt land enno, men du gode verda kor langt det var unna! –

Det var ingen ting Helga var meir huga til enn aa skrika høgt; retteleg illremja. Heile fjorden var eit einaste endelaust gap som gløypte etter dei. Det var berre baaten imillom, og kor lenge heldt han seg paa rett kjøl? Ho maatte berre lata vera aa tenkje, berre driva paa aa ro, om det ikkje muna stort og. Og so roleg, berre roleg! Elles blir dei livredde Erik og Margot òg. «Hugs du har ansvaret, Helga! Hugs – hugs –.»

Aa! den som var heime i Vika. Aldri skulde ho gjera noko uløyves meir, aldri gjera nokon ting. Gud som kan alt kva du vil, gjer dette berre til ein draum! Lat meg vakna heime. Eg orkar ikkje meir – eg orkar ikkje – –.

[80] Og Helga skreik so det skar gjennom vind og ver. Med stive augo stira ho mot land, og skreik. Ho kjende den eine aara gleid utor handa hennar, men ho orka ikkje halda fast. Ho hørde Erik nidskreik og Margot sutra og gret. Ho gret sjølv og visste det ikkje. Ho visste ikkje aa verja dei heller.

Hjelp! Hjelp!

Baaten duva opp og ned. Rett som dei reid paa øvste bylgjetoppen var dei nede i djupaste baaredalen. Bylgjone kom over dei som øvstore villdyr, brøla og gapte og glefsa etter dei. Helga verja for seg med hendene – ho tykte kvar bylgje maatte vera den siste som kom.

Hjelp, hjelp! Kjære Gud, hjelp oss heim du som kan!

No kvarv landet med kvart etter som myrkret seig innover. Dei skimta berre sovidt stranda og ljosa som tendes rundt om i heimane. Dei blinka som smaa stjernor imot dei. Der inne sat folk med arbeid og lesnad – og ingen visste kor dei var henne.

«Hjelp oss heim! Hjelp, hjelp!» –

Helga tykte ho hørde aareslag. Ho ropte av all si magt. Kan hende vinden aat upp ljoden, kan hende drukna skriket i marming og sjøsprøyt, men ho laut skrika lel. Alt i eit. Redsla tok reint veldet av henne naar ho tagde. Og verkeleg! no hørde ho tydeleg aareslag og [81] nokon som hauka. Dei hørde det Erik og Margot med. Dei hadde tydd seg samene alle tri og sat og heldt i kvarandre, no vart grepa fastare og augo fekk liv.

«Det er folk,» sa Erik, han skreik høgt og ansa det ikkje sjølv.

«Helga,» hørde dei det ropte, «Helga og Margo–ot. E–e–ri–ik!»

«Ja,» svara dei alle tri, «ja, ja.» Det var Hans som ropte, hørde dei; og aldri nokon gong let namna deira fagrare. –

Det vart ikkje sagt mange ord. Erik var den som fyrst var kar att. Men Helga gret. Ho gret paa heile heimturen, og daa ho kjende fast land under føtene gret ho endaa.

Hans var aldri slik han sa noko større; det gjorde han ikkje no heller.

«Eg trudde aldri du Helga kunde finna paa slikt,» sa han berre. Men dei orda sveid verre enn ris. Ho vart so lita med ein gong og ingen ting til aa lita paa. Ho skjemdes – og gret.

Men daa dei hadde skifta klæde og sat framfor komfyrvarmen i kjøkenet heime og kjende kor innerleg godt det gjorde aa faa hjelp og bli stllt med, daa vende Helga det raudgraatne andletet sitt mot Hans.

«Det gjer ingen ting om naustet er ditt [82] lenger,» sa ho, «eg kjem aldri til aa sakna det meir no.»

Men aldri nokon kveld sidan mor reiste paa sjukehuset hadde Helga lengta etter henne og sakna henne slik som den kvelden. Og aldri hadde dagane vore so endelaust lange og mange framover til den tid det var von ho fekk koma heim att.

Vonbrot

Det var meininga mor skulde koma heim til jol. Men ein av siste sundagane føre jol var Helga utover paa sjukehuset og saag om henne og daa fekk ho høyre det var lita von det vart noko av. Det var ikkje stort meir enn aatte dagar att til jol, og mor laag enno. Søster Dagny som passa henne bad Helga vera roleg og glad lel; mor kom sikkert heim til nyaarshelga, sa ho, og so fekk dei halda jol daa i staden.

Og Helga var roleg. Ho smilte der ho sat nedmed senga og saag paa den kvite tunne handa hennar mor. Men ho vann ikkje segje stort, det var mest som orda vilde kjøvas.

«Venter de mykje paa meg,» undras mor.

[83] «Aanei.»

«Kva de held paa med no daa?»

«Nei, ingen ting mest.»

Ho tenkte paa kor dei hadde stræva med aa gjera reint til jol – til mor kom heim. Men det kunde ho ikkje fortelja no, tykte ho. Igaar hadde ho faatt Hans til aa gjera istand den gamle ruggestolen – no skulde han bli god aa sitja i for henne som var daarleg enno. Og Margot hadde gnudd og pussa dei to massingstakane so dei lyste som sola – ho fekk dei aldri blanke nok, tykte ho.

«No er det berre aatte dagar att til mor kjem heim,» hadde Margot sagt, og so lo ho og spegla seg i staken. Berre aatte dagar! Det var inga tid heller, men somtid kan aatte dagar vera so lange som aatte aar. –

Og kvar ein kveld naar dei rekna stykka sine var det eit dei aldri gløymde. Kor mange dagar var det til jol? og kor mange timar vart det? Erik rekna ut minutt og sekund òg sumtid han. Igaarkveld sat dei og rekna med aatte dagar, og Margot skulde rekna ut timane.

«Det blir aatte gong' tolv det,» meinte Margot, «for det er tolv timar i ein dag,» visste ho.

«Jamen om natta daa? Skal du ikkje rekna med natta?» Det var Erik som var so nøgje paa det og vilde hava reknestykket rett.

[84] «Pytt natta», sa Margot, «daa søv vi daa, so blir det ingen timar.»

Det var dei timane dei var vakne og gjekk og venta ho talde – dei andre braud ho seg ikkje om. Og igaarkveld hadde Helga reidd opp senga hennar mor, med det likaste teppet og snøkvitt putevar; det hadde kome for henne so braatt at mor kunde koma heim ein dag tidlegare enn dei venta.

Og so kom ho ikkje til jol heller! Det var tidenda ho fekk høyre no ho kom og skulde sjaa om henne og faa høyre dagen ho kom heim.

Det draup noko vaatt nedpaa handa hennar mor, og Helga bøygde seg djupt som for aa taka opp noko.

«Kva er det, Helga?» Mor kviskra. Det var fleire inne paa sjukeromet og dette var ikkje for dei.

«Vi ventar paa deg lel, mor. Vi ventar so forferdeleg.» Det var alt Helga kunde segja. Det var so meiningslaust at mor skulde vera borte jolekvelden. Kva skulde dei gjera daa? Og kva vilde Erik og Margot segja? Dei hadde ikkje set mor sidan ho reiste paa sjukehuset, og det var ei heil æva sidan òg.

Nei, Helga skyna ingen ting av korleis det skulde gaa, naar mor vart borte jolekvelden. Alt strævet vart so faafengt med eit og alt i hop so vonlaust. Det vart berre slit [85] utan meining og maal. Helga heldt reint paa aa gjeva seg over.

«Du maa vera snild og flink og laga jol aat syskena dine du iaar, Helga.»

Det var mor som bad; og Helga fòr med handbaken over augo som snarast og kasta litt med hovudet. Haaret var so leidt til aa leggja seg nedi augo stødt.

«Ja,» sa [85] ho berre. Ho skyna ikke kva slags jol det skulde bli, men naar mor bad henne, so – –. Og so tok ho seg paa tak og smilte, og fortalde litt um Blidros som var so nøgje paa melkinga, at ho spente, so snart nokon annan enn Helga kom halvnær henne. Og Erik og Potifar hadde vorte so fine vener, at Erik fekk hanen til aa eta av handa si. Det var mykje godt han som gav hønene mat no om dagen. Og Ane-Marta paa Nettet hadde sauma nye kjolar baade til Helga og Margot av det

raude tyet fraa Aslaug. Det vart stornokk med ty, og kjolane vart so fine, at ho trudde det ikke. Helga skulde havt paa sin idag var meininga, men det mangla nokre knappar enno. Mor spurde litt, og Helga fortalde. Men det var berre ein ting ho tenkte paa: at mor venteleg ikkje kom heim til jol heller!

Jolekvelden

[86] Ho tenkte paa det i heimvegen fraa sjukehuset og ho tenkte paa det etter at ho kom heim, korleis ho skulde faa til aa laga til jol. Hans hjelpte henne nok med veden og med eit lite joletre; pynten fraa ifjor laag i ei papøskje oppaa kraaskapet, og ljøs fekk ho i paa bua. Aajau det maatte vel gaa.

Og di lenger ho gjekk og tenkte og bala med dette di lettare gjekk det. Ho fann jamvel opp oppskriftboka hennar mor ein ettermiddag og steikte kjeks. Som mor sine vart dei ikkje, men Erik let vel lel. Dei var overlåg gode aa eta, sa han. Og det var helst det dei skulde brukas til.

Sjursmessedagen var ho paa bua skulde faa i ljøs og litt kaffe og sukker til helga. Dei hadde bedt heim Hans til om jolekvelden, so var dei ikkje so reint aaleine – og han laut faa kaffe naar han kom. Og so skulde ho hava kanel til risgrynsgrauten. Daa gav Alfred henne ein heil stor pakke baade med kaffe og sukker og sjokolade og gryn og ymse anna smaatteri. Og ikkje nok med det, men kona hans kom ut paa bua med ein heil spann full med bakkels!

Det skulde vera litt til jol, sa dei, fordi ho hadde vore slik staut og flink ei gjente med' mor var borte. Dei hadde ikkje [87] trudd ho var so pass til husmor. Helga kunde berre nigja og takka – det var so for mykje – og ho var baade brydd og lukkeleg. Det beintes til jol likevel var det likt.

Og jolekvelden om morgonen kom sjølve prestefrua med ei heil korg med jolemat. Ho sat der ei stund og prata, og ho rettleidde Helga med joletreet. Det var ikkje større enn at det stod paa eit bord inni stova, men du verda kor fint det vart. Og ein pose med søteple og neter hadde frua med og la under treet.

Helga trudde aldri dei hadde havt so fullt upp med mat av alle slag som i aar. Det var mest som alle hugsa dei med eitkvart og var snilde. Ho vann ikkje stort meir enn aa taka imot og takka tykte ho. Utover dagen gjekk ho rett som det var og smilte med seg sjølv mest som ho gøynde paa ein gild løyndom. Ho hadde stengt stovedøra so Margot og Erik fekk ikkje koma dit inn før om kvelden. Men det var so morosamt aa tenkja paa kor undersame dei skulde bli. Og glade trass i alt.

«Du ser mest ut som du er glad for at mor ikkje kjem heim du,» sa Erik ein gong; han var furten for den stengde døra, og so var ingen ting slik som han hadde gledd seg til det iaar. Naar ikkje mor kom, so.

Helga vart aalvorsam med eitt. Enn om [88] mor hadde vore heime no seg! Augo vart vaate og uklaare berre ved tanken – det var ingen ting alt det meir likevel mot den eine ting aa faa mor heim att.

Men det gjekk ikkje an aa gjeva seg over heller, ho hadde so mykje aa gjera enno før alt var ferdigt. Ho skulde fara over golva hadde ho tenkt og klokka fem kom jola. Naar dei høyrde klokkone ringja jola inn skulde kaffen til Hans vera ferdig, og daa skulde der vera fest.

Og Helga dreiv paa. Ho vaska golv og budde til kaffebordet uti kjøkenet. La paa kvit duk paa bordet og sette fram dei likaste koppane og baae dei skinande massingstakane med nye store stearinljøs i. Og ei ekstra bøtte til Blidros maatte ho bu til. Grisen stellte Erik, ho og Margot greide med hønene og dei to sauane. Alle hadde sitt aa styra med, og dagen flaug mest ifraa dei. Berre ein og annan gongen stana dei opp. «Enn om mor hadde vore heime,» let det gjerne daa.

«Enn om ho kjem heim lel,» sa Margot daa ho heldt paa og skifta paa seg nykjolen. Enn – Helga hadde smaatt tenkt same tanken, men ho vaaga ikkje segje det høgt – det var so lite trulegt. Men ho var oppe no visste dei. Hans hadde vore utover i førrdags, og daa sat ho i ein stol og ho hadde fylgd han utpaa gangen daa han gjekk. Men ho hadde [89] ikkje nemnt nokon ting om naar ho kom heim, sa Hans. Lenge kunde det ikkje vara like vel, naar ho alt var oppe og gjekk. –

Dei hadde pynta seg alle tri borna. Erik mol kaffe og kjelen stod blankpussa og smaaputra bortpaa komfyren. Helga stod og saag over kaffebordet om det var noko som vanta. Men ho kunde ingen ting sjaa. Likevel var det noko.

«Vi sett inn stolen hennar mor,» sa ho og saag som snarast bortpaa Margot.

«Ja – men ho kjem daa ikkje –.»

«Nei, men eg tenkte han kunde staa attmed bordenden lel –.»

«Ja; og so tenkjer vi oss at mor sit i han.»

«Ja –.»

Dei saag tilsides baae to – det var noko dei tenkte som dei ikkje vaaga syne kvarandre, ei lita von som levde attom alle tankar og attom alt dei visste. Og det var mest som dei blygdes for aa syna fram den vesle vonlause vona. Men ruggestolen kom for bordenden og Helga fann i den einaste sofaputa dei aatte og la ho opp i stolen. Mor skulde sitja godt, om ho skulde koma lel. –

Daa gjekk det i døra og dei høyrde ljomen av kyrkjeklokkene. Det var Hans som kom.

Og jola. –

[90] Dei hadde drukke kaffen, og Helga hadde lura seg inn i stova og tend ljosa paa joletreet. Det stod der midt paa golvet og kasta glans ikring seg – som fraa mange smaa stjerner – og skapte fest.

Og hadde Helga stræva trutt so fekk ho òg likt for strævet daa ho let opp døra aat kjøkenet. Dei jubla imot henne baade Erik og Margot, og Hans stod mest handfallen.

«Den gjentungen til aa faa det til,» mulla han. Dei drog han med seg og vilde ha han med kringom treet aa syngja.

Ingen høyrde bjølleklangen ute paa tunet, ingen ansa sledemeiane som skura mot sanddungen hans Erik. Ingen ansa nokon ting før det banka paa døra andre gongen.

«Kom inn,» sa Helga høgt, ho heldt seg fast i stolbaken og stira mot døra. Ho vart so med seg. Dei venta ingen no – det var daa jolekvelden – ingen annan enn –

«Mor, mor,» ropte Margot og flaug i armane paa den inntulla skikkelsen som vart innleidd.

Mor, mor! Gløymd var joletreet, gløymd var dei raude epla som hang so freistande og lokka i ljosskjeret, gløymd var ljosa som stod og brann til faanyttes. Det var mor som kom heim. Det var mor likevel.

Og Helga, den store lange gjenta gret som ein liten unge og sansa ingen ting. Før [91] mor bad henne hjelpa seg av med klæda, so ho fekk setta seg. Ho var klar etter køyreturen sa ho, og vaagalt var det vel aa leggja ut; men ho kunde ikkje anna. Og doktoren hadde gjeve henne lov til slut; men ho laut vera var med seg til aa byrja med hadde han sagt.

Endeleg fekk dei henne paa plass i ruggestolen framfor varmen. Helga svinta uti kammerset etter ei dyne til til aa stikka attom ryggen hennar og Erik la seg paa kne for aa hjelpa henne av med skoene. Ho kunde sagte vera frosen paa føtene, naar ho hadde køyrd so langt. Der var hjelpsame hender paa alle leider, alle tykte liksom dei maatte gjera eitkvart lite for aa syna kor glade dei var og kor innerleg velkomen ho var.

Og ljosa brann og lyste. Til faanyttes var det sagte ikkje, endaa ingen hugsa dei før dei mest var nedbrunne. Daa slo Helga samem hene og ropte mest over seg: «Aanei, enn ljosa! og joletreet! Vi skulde syngja inn jola, vi.»

Det eine av ljosa var alt nedbrunne, og elles lakka det mot slutten med alle; men dei tok daa samem likevel og song «Jeg er saa glad hver julekveld» berre so det ljoma. Mor fekk seg ein retteleg god og varm kopp kaffe, medan ho hørde paa. Hans hadde nok vore meir huga til det han òg, men han laut vera med kring joletreet, han. Og no kunde dei gjerne [92] syngja om jolegleda og om fred og frygd paa jorda, det var liksom ingen ting som vanta meir, no mor var heimkomen. –

Det snødde so fint og stillt, daa Helga gjekk i fjøset for aa melka Blidros. Men attom all snøen var maanen og stjernone; ho saag dei ikkje, men ho visste dei var der, og det gav slik tryggleik. Ho stana for og let det snø i haar og andlet. Det svala so godt. Og kvar dag og stund dei hadde vore aaleine sveiv gjenom tankane hennar som glimt i glimt, med gode dagar og tunge dagar. Det var som eit heilt vegstykke ho hadde gaatt og no endeleg var ho ved maalet. Det baara og sprengde paa, eit einaste lite ord ho skulde sagt. «Takk», sa ho endeleg vart og stillt og kneppte saman hene over melkebøtta. So gjekk ho aat fjøset, og song med' ho melka. Ho var so glad. Og sjaa om det ikkje var bra likevel, at stolen og senga hennar mor var stelt! Ho hadde kjennt det paa seg heile tida at det var uraad mor kunde bli borte jolekvelden.

Tunge dagar

[93] Det lakka og leid mot vaaren – i Vika som andre stader. Og beit austanvinden om vinteren, so neimen om han var likare sudvesten heller naar han kom setjande og regtig knegjekk dei. Det knaka og braka i den vesle morkne stugulona – ho bar seg retteleg – og nattars tider maatte ein mest tenkja baade paa skrømt og anna. Det var no det dei minst hugsa paa lel i Vika den etterjolsvinteren og vaaren utover; det var sagte andre ting dei hadde aa stri med som kunde leta likso mykje paa. Det var denne livemaaten stødt. Mat laut dei ha anten vinden kom fraa aust eller vest, og bles det for gale so vilde det vera meir til klæde òg.

Og pengar skulde det til aat alt.

Pengane for naustet var gode so lenge dei vara, men ein dag traud dei, og so laut ein henta dei andre stader. Det vart inga onnor raad, ho laut til med vaskinga og bakinga att, Karoline i Vika, endaa det var greidt det var i tidlegaste laget. So gjekk ho paa fraa morgonen tidleg til seine kvelden, dag etter dag so lenge ho orka, men so vart ho gjerne liggjande nokre dagar attpaa. –

So sina Blidros. Ho var vaarber, so ein kunde ikkje anna venta, men melkeskvetten [94] vart saart saknande. So lenge det fanns melk i huset var dei daa ikkje matlause i alle fall.

Naar det vart for gale fekk dei i varor paa bua, og so skulde dei betala naar mor kom seg til krefter att var meininga. Og Alfred var staut, han tøygde seg i lengste laget. Det var sagte ikkje so store slumpene i gongen, men det gjekk paa alt tiare utover vaaren at dei laut faa i maten paa det viset. For mor var ikkje bra enno, ikkje paa langt nær heller. Kan hende tok ho i for hardt straks ho bynte, so no orka ho mest ikkje arbeida ein dag utan at ho laut liggja dagen etter. Det vart smalhans i Vika.

Helga tok til aa ynskje ho var vaksen gjente, so ho kunde vera meir til hjelp. Ho vilde gaa til presten iaar let ho. Til somaren fekk ho alltid plass som gjætar einkvar sta'n, det var det visst ingen faare for; det var verst no i vaarknipa med' skulen vara. Det var helst ingen som trongte slik ei halvdagsgjente var det von, og til

vinteren vart det same eins. Jau, ho vilde gaa til presten i aar. Men mor vilde so naudleg.

«Du som er so glad i skulen, Helga,» sa ho.

«Ja, men det er ikkje det det kjem an paa – det veit du daa det.»

«Og so er du so lita òg.»

«Ja men eg faar gaa lel. Eg vil det. Eg [95] blir fjorten aar i somar, og Ane Nordset var ikkje eldre ho heller daa ho fekk gaa ifjor, – og no har ho tenest alt òg. Ho er daa ikkje so stor ho heller.»

«Nei nei, vi kan alltid tenkja paa det, veit du. Men det maa vel retta seg att her heime òg. Eg maa daa bli frisk snart no, tenkjer eg.» –

Ho friskna nok til litt om senn, naar ho berre var i ro. Og det vart det raad til saag det ut for. Det var laake tider og folk freista hjelpe seg sjølv i lengste laget baade med husvask og klævask. Mykje arbeidsløyse var det òg, so det var gjerne fleire om bodet naar nokon trongte ekstra hjelp. Karoline vart mykje heime og fekk ro til aa koma seg heilt.

Men det vart lite mat av det.

Ein dag var det mest verre enn elles. Dei hadde potet, og det aat dei til frukost, til middag med eit lite fleskegrann ataat – og til kvelds laut dei vel og hava potet. Hadde dei endaa havt ei mjølsaa, so dei fekk laga klubb! Det vilde vore herrekost reint. –

Om ettermiddagen tok mor paa seg og gjekk paa bua. Ho fekk freista snakke med Alfred enno ein gong. Det maatte vel bli arbeid i slaattonna om ikkje før.

Helga saag etter henne der ho gjekk bortover vegen litt framlutt og trøytt – det var nok ikkje til fest ho gjekk, nei. «Eg skal gaa [96] til presten i aar lel,» tenkte Helga, «om dei heldt meg fast òg.» – – –

Dei stod og saag etter mor daa ho kom att òg. Hadde ho med seg noko tru? Mjøl? eller eit brød og litt smør eller sirup? Ho gjekk so tungt og seint. At ho ikkje kunde skunda seg daa! Dei sprang imot henne. Sjølv Helga sprang. Ho var so svolten, og so kunde ho hjelpa mor aa bera kom ho ihug.

Har du faatt i noko?» ropte Erik.

«Faar vi kak?» undras Margot. Men Helga spurde ikkje. Ho vilde taka korga. Og den var tom.

«Han kunde ikkje borga oss meir,» sa mor, ho snakka so stillt – og so rart liksom.

«Nei.» Helga visste ikkje anna aa segja. Ho tykte det var leidt dei skulde gaa slik og – tigga mest; men som ho hadde venta og gledd seg til maten likevel! Ho hadde vore so viss paa at mor kom heim med noko.

«Du veit det er fleire enn vi, Helga, og Alfred maa betala varone han med. Han kunde ikkje risikera meir sa han.»

«Nei.» Helga svelgde og svelgde, ho skulde sagt noko, tykte ho, noko som kunde hjelpa mor. For Erik bad um mat, og Margot gret. Dei var smaa, dei, og det var ikkje anna ventande, men ho – –

«Du mor, det gjer ingen ting kan du skyna. Vi koker potet att, og det har vi daa [97] nok av enno.» Ho freista smile, men det vart mest berre eit lite grin. – –

Dei var bortmed grindsleet heime daa Hans kom fraa sjøen. Han hadde teke opp lina og hadde trugga mest full av fisk.

«Nei no kom eg daa lagleg til,» sa han, «no skal du sjaa eg blir av med noko av fisken min òg.»

Dei smaa gløgge augo for fort fraa den tome korga og rundt om til alle dei svoltne vonsvikne andleta. Hm. Han sette seg mest paa grøftekanten og karva i pipa. Og saug og smatta og fekk det til aa ryke. Og prata litt innimillom.

«Eg har tenkt meg hit kvar dag – pha pha – denne vika, men trur du eg har faatt det til. Pha, Pha – det var det eg tenkte – pha – snakke med deg, om eg kunde faa Erik til aa hjelpa meg litt paa sjøen? Han ser meg ut til aa vera sopass hag gut, og eg mødes so naar eg driv paa aaleine. Han kan daa snart ro litt òg han, veit eg – og elles so er det mangt daa. Betaling veit eg mest ikkje kva eg skal segja om, men – vi vart alltid einige om det tenkjer eg. – Trur du det kunde gaa an at han fekk vera med meg?»

«Ja for min deil, so. – Men du faar helst spyrje karen sjølv, trur eg.»

«Ja, kva meiner du Erik? Vil du vera med?» Om han vilde? Han gjorde eit hallingkast [98] over grøfta. Og ro kunde han, det var hans minste konst. So sa han i minsto sjølv.

«Skal eg bli med straks?»

«Ikkje før i morgo tidleg. Kan du vera ferdig kl. halv seks, trur du?»

«Ja det kan eg godt.»

«Vel. Ta hit korga so eg faar lessa av meg eit par torskar. De kan alltid salta ned det de ikkje vinn paa ferskt veit eg. – Ingen ting og takka for, Karoline, det er berre eit lite forskot aat Erik. Og Helga hjelppte meg so mang ein gong føre jola baade med eit og hitt, so fisken er longe betalt òg den.»

«Aa, det var vel helst du som hjelppte den gongen òg Hans,» meinte mor.

«Var det likt. Var det likt seg daa.» Hans var alt i gonga bortover vegen att, han nikka litt for kvart steget og gjekk tungt og stødigt. –

– – – «Det var fisk som har vaska seg», kytte Erik daa dei sat og aat, «og so stor!»

«Ja er det ikkje undarleg kor det kan laga seg òg,» sa mor, «no maa du berre hugsaa paa aa vera staut aat Hans no, so du gjer rett for deg.» Ja, Erik meinte nok han det skulde bli. Det var eit par ord Hans sa, som han laut tenkja paa alt i eit. «Han var meg so god ein mann far din med' han levde,» [99] hadde han sagt. «Eg vil bli som han far,» tenkte Erik. Paa sett og vis vart det liksom han som hadde hjelpt dei ikveld, fordi han hadde vore so «god ein mann». –

Det var eit ord mor hadde nemnt aat Helga, daa ho kom heim fraa bua. Alfred hadde ymta frampaa om det, skyna ho. Fatigstyret.

Det hadde hendt før òg at ordet hadde vore nemnt, men dei hadde greidd seg hittil.

«Kunde vi ikkje sjaa i det litt, mor,» bad Helga, «det blir daa somaren snart no – og naar ho Blidros kalvar so kan vi baade kinna og ysta. Det gjer ingen ting om vi er lite grann svolten heller –.»

«Vi faar freiste litt endaa, men utan hjelp trur eg ikkje vi greier oss vaaren over. Vi faar sjaa kva Erik dug til – og so kunde eg snakke med Hans –.»

«Ja, det er mykje likare, mor, han kan daa faa melk hos oss i sta'n. Og no byrjar hønene aa verpa – den vesle brunhøna held paa og bur til reir aat seg, ho, eg saag det igaar. Eg trur vi greier oss, eg, mor.»

«Vi faar vona du trur rett daa!»

«Og so faar eg gaa til presten i aar? Vi skal skriva oss denne vika.»

Det tok ei heil stund før mor svara noko.

«Du maa vel faa det lel daa,» sa ho endeleg, [100] «men – det er so vondt aa sleppa deg, Helga.»

Slikk gjekk det til at Helga fekk gaa til konfirmasjonen eit aar for tidlegt, etter mor si meining; men til høveleg tid, meinte Helga sjølv.

Vaaren

Det leid alt so langt paa aaret, at det tok til aa bli hus i kvar busk. Blidros hadde kalva, brunhøna hadde alt vorpe lenge og Potifar var so kry og gol so høgt og klaart som nokon gong før. Og iaar fekk han vera ifred. Erik tykte han var for stor til aa slaass med ein hane no han var full kar i baaten hans Hans. Han var mest ikkje aa sjaa heime i Vika anna enn kvar gong han kom med kokefisk, og so om natta sjølvsagt. «Men det tøl vi ikkje,» sa Margot.

Det var ikkje so radt lite han hadde tent utover vaaren; det hadde vore ei god hjelp i alle fall. Og det var mest so Helga skjemdes kvar gong Erik kom til mor med pengane sine. At ho som var so mykje større skulde gaa heime og ingen ting tena!

Men so vart daa somaren no. Og paa ^[101]Ness tenkte dei aa sleppa ut kyrne til vika, hadde ho høyrte. Daa kom det an paa om Helga fekk gjæta der i somar. Ho skulde kunne tena noko med det, naar ho baade kunde melka og hjelpa til elles naar det trongtes. Det maatte daa vera noko skilnad imot berre snaue gjætinga lel. Ja, ho fekk no høyre –; imorgo skulde mor gaa til Ness og snakke med dei att. – –

Helga sat paa dørhella og plukka ugraset or tiriltungsprunga. Tiriltunga heldt alt paa aa kika fram og so laut ugraset vekk. Ifjor somar var Aslaug paa Ness kom ho ihug. Tru ho kom iaar òg? Og korleis ho saag ut no? Ho hadde vel mange nye kjolar iaar òg ho! Og skor og fine strømpor. Tru om ho gjekk til presten ho òg? Aanei, det gjorde ho ikkje lel, ho var noko yngre enn Helga; og presten sa Helga var for ung òg – til aa bynne med.

Men den gongen heldt ho seg hard lel; ho hadde gaatt sine sju aar paa skulen, let ho, og ho maatte bli vaksen! Presten hadde berre rissta paa hovudet og meint det hasta ikkje so – kvifor maatte ho plent bli vaksen no?

«Jau eg maa ta meg tenest,» svara Helga, «og det er ingen som vil ha ein unge berre. I alle fall vil dei ikkje gjeva nokor løn daa.»

Det vart so ho fekk gaa; men den dagen ^[102]dei hadde om Jakob i bibelsoga tenkte Helga paa presten. Ho skyna so vel korleis Jakob kjempa mot Gud – av all si magt

liksom. Og det var so trulegt at Jakob vann, ho skyna det òg, for han maatte vinna, det var ingen veg utom. Det var mest som med henne og presten det. – –

No var det somar snart og livet var ljosare og lettare paa alle vis. Ho vilde ynskje Aslaug kom att. Kan hende vart ho med henne ut med kyrne. Ho var so glad i aa vera med soleis ifjor i alle fall. Elles vart det vel lite om tid til leik og gamen iaar. Og det same kunde det mest vera. Det høvde liksom ikkje lenger, og ho kunde vel ha andre ting aa tenkja paa ho som skulde paa kyrkjegolvvet til hausten. Enn om ho kunde faa tenest paa Ness for vinteren med? Ho skulde sanneleg sjaa til aa hanga i so dei saag ho dugde – dersom ho kom dit daa. –

Helga sat og drøymde seg reint bort der paa dørhella. Ho ansa ingen ting før ho hørde det small i postkassen bortpaa grindslestolpen. Daa saag ho postmannen gaa vidare med sjumilsteg. Men kva hadde han gjort borti kassen? Dei som mest aldri fekk post. Kassen var oppsett til hyggje den, pla Erik segja. –

Der laag eit brev nedi. Til Helga. Fraa [103] byen, fraa mor hennar Aslaug – det saag ho straks.

Helga reiv konvolutten halvt av so spennt var ho. Kva kunde det vera no? Og so langt eit brev! Ho las ei side og endaa ei og tok til med den tredje og siste. Kva i verda var dette? Heile andlete lo tilslut, ho vann ikkje sitja i ro til ho var ferdig, ho laut inn til mor. Og inni kammerset les ho paa nytt lag, og prata imillom. Det var mest som eit lite eventyr som kom og titta innom og vinka til henne, og lokka.

Brevet var fraa fru Strøm. Ho undras om Helga vilde koma til henne som barnegjente i somar? Dei hadde faatt ein liten gut ivaar. Vilde Helga koma til Ness og trilla han litt i vogna og hjelpa til aa passa han elles òg? Ho skulde faa fem og tjuge kronor maanaden, og kosten sjølvsagt. Og dersom det kunde lata seg gjera so maatte ho tenkja paa aa bli med Strøm sine til byen og vera der til vinteren òg som barnegjente? –

Aslaug gledde seg so til aa raaka Helga att; ho skreiv nokre ord med ho òg. Du maa endeleg gjera som mor bed deg, skreiv ho, du kan tru veslegut er søt. Og so moro vi skal ha det, naar vi kjem til Ness. Eg har so mykje aa fortelja deg. Hugsar du ifjor?
– –

Helga les. Og hugsar. Ho var heit i kinna og blank i augo.

[104] «Aa mor,» sa ho berre, daa ho var ferdig.

«Det var eit vakkert brev,» sa mor.

«Ja men du, eg maa faa lov mor. Ikkje sant?»

«Vi lyt tenkja paa det, trur eg.»

«Ja men so snilde som dei har vore – og so fem og tjuge kronor maanaden daa, du maa hugsa det. Kan hende faar eg meir og til vinteren, naar eg blir vaksen. Ikkje seg nei daa mor.»

«Men dei paa Ness daa?»

«Vi har daa ikkje lova noko. Og ein gjætar faar dei no alltid i. So stor løn faar eg ikkje heller paa Ness, det veit du og det. Og so faar eg plass til vinteren med det same no maa du hugsa.»

So reiser du ifraa meg, heldt mor paa skulde segja. Men ho sa ingen ting lel. Det høyrdes bra ut dette tilbodet – og heime kunde ikkje Helga bli verande lel. Det er med borna plent som med fuglane, dei lyt or reiren naar vengjene veks til. Og mange flaug ut med daarlegare vengjer enn Helga – diverre.

Mor sukka og reiste seg. Ho hadde eitkvart aa gjera i kjøkenet kom ho ihug.

«Maa eg skriva og segja ja daa,» bad Helga.

«Hastar det so?»

«Dei bed om svar straks, ser du.»

[105] «Det er ikkje berre lettarbeid aa passa ein liten gut, Helga.»

«Trur du ikkje eg veit det daa? Men det gjer ingen ting mor, eg er viss paa eg greier det. Seg ja daa!»

«Du faar prøva deg daa, sidan du er so huga paa det. Men eg er slett ikkje viss paa om eg ikkje hadde vald gjætinga paa Ness om eg hadde vore som du.»

Helga lo so det song. Tenk velja gjæting naar ho kunde faa vera barnegjente! Nei takk! det gjorde ho no ikkje.

Om ein maaned fyllte ho fjorten aar, og ved det leite kom bygjestene til Ness. Om ein maanad berre!

Ho laut tenkja paa aa faa seg istand baade med eit og anna til den tid; men først laut ho skriva og svara. Ho fann seg papir og blekk og sette seg ataat bordet.

«Eg er so glad,» sa ho og smilte lukkeleg. Ho tenkte paa, at no kunde ho òg hjelpa mor likso mykje som Erik. Ho skulde i alle fall faa dei tjuge kronor maanaden. Fem maatte ho vel ha sjølv, naar ho skulde halda seg klæde og sko. Men det skulde bli nokolite rettare aa vera i Vika til vinteren, det skulde Helga syrgje for. Ho sette seg og skreiv til fru Strøm, at «ja ho kunde koma».

Og so bynte eit nytt liv for Helga.

Noter

[n1.](#) Margot] *rettet fra: Margit (trykkfeil)*

[n2.](#) «hu-u-u-u.»] *rettet fra: hu-u-u-u.» (trykkfeil)*

[n3.](#) gagnet.] *rettet fra: gagnet (trykkfeil)*

[n4.](#) og] *rettet fra: eg (trykkfeil)*

[n5.](#) sa] *rettet fra: so (trykkfeil)*

Sigrun Okkenhaugs *Helga* er lastet ned gratis fra bokselskap.no